FØREORD

Bygdelaget Sunnhordlendingen kan i år høgtide 60-års jubileum. I samband med dette ynskte me å gjeva ut eit festskrift med lagssoga frå dei siste 10 åra og med litt kulturstoff frå Sunnhordlandsbygdene.

På grunn av den økonomiske stoda i laget greidde me ikkje å finansiere dette tiltaket på eiga hand. Me søkte difor fylket, kommunar, verksemder, lag og einskildpersonar om stønad. Litt etter litt kom det inn så mykje at me no har råd til å sende ut denne «BOKJO», som inneheld lagssoge frå alle 60 åra frå 1919 til 1979, og kulturstoffet frå landsluten vår har vorte så omfattande at me vågar å kalle dette skriftet for SUNNHORDLAND og SUNNHORDLENDINGAR.

Me vil takke alle som har støtta tiltaket økonomisk med tilskot og tingingar, utan desse hadde det vore uråd å realisere dette prosjektet. Me seier oss leie for at De har måtta vente så lenge på skriftet, årsaka til det er kort og godt at «BOKJO» har vorte så mykje større enn fyrst tiltenkt.

Ei varm takk vil me og sende til alle dei som har skrive for oss og hjelpt til med bilete og teikningar. Me har dei siste åra høyrt så mykje om dei vanskane landsluten vår har vore heimsøkt av, men vår konklusjon etter arbeidet med dette tiltaket er at: «Da står te liv i gamle Sunnhordland». Det er mange ressursar å finne, og kulturlivet blømer på mange omkverve.

Me har her berre fått med ein brøkdel av det stoffet som kunne vore aktuelt, me har måtta gjere eit utval. Det me særskilt har konsentrert oss om i dette skriftet er å presentere dei skrivande kvinner og menn med tilknyting til Sunnhordland, diktarar, forfattarar, bygdebokskrivarar, folkeminnesamlarar og andre kulturberarar. Me har og fått med presentasjon av nokre Sunnhordlandsbygder, utvalet her røper nok kvar festskriftredaksjonen har røtene sine. Me vil oppmode dei som saknar sine heimetrakter i dette skriftet om å vere aktivt med i Sunnhordlendingen og infiltrere skriftnemnda til neste jubileum.

Stor takk vil me og rette til sunnhordlandsdiktaren Per Olav Kaldestad for råd og rettleiing ved utarbeidinga av avsnittet om forfattarar/diktarar.

Så sender me denne «BOKJO» frå oss i von om at medlemer og andre sunnhordlendingar vil ha glede av ho.

Bergen i juni 1979.

For skriftstyret
Sigmund Myklevoll Olav K. Fjæra

Bygdelaget Sunnhordlendingen 1919—1969

Til 50-års jubileet i Sunnhordlendingen i 1969 vart det gjeve ut eit festskrift med lagssoga frå dei fyrste 50 åra. Diverre kom dette skriftet i eit så lite opplag at det er få som har denne, sjølv på lagskontoret til Sunnhordlendingen har ikkje denne lagssoga vore å få tak i på mange år. Med dette som bakgrunn finn me det rett å trykkje opp att hovudpunkta av denne.

50-årssoga til laget vart skriven av lektor Anders Valvatne frå Stord. Han døydde i 1973, (sjå minneord om han annan stad i dette skriftet).

Det utdraget som fylgjer er sett opp av Olav K. Fjæra på grunnlag av 50-årssoga som kom i mars 1969.

Utdrag av 50-årssoga til Bygdelaget Sunnhordlendingen

Skipinga av «Søndhordlandslaget»

I midten av januar 1919 kunne ein lesa i avisene i Bergen denne lysinga: «Søndhordlændinger! Fredag 24. ds. kl. 8 aften holder professor Torleiv Hannaas foredrag i Haandverkerforeningens lille sal — over emnet: «Folkediktning i Sunnhordland».

Efter foredraget forhandling om stiftelse av et Søndhordlandslag for Bergen og omegn. Alle Søndhordlændinger hjertelig velkommen».

Møtet kom i stand. Det vart samrøystes vedteke at laget skulle skipast. Heile 84 medlemer skreiv seg inn.

Det eigentlege skipingsmøtet vart halde ei veke seinare, 31. januar 1919, på same staden med lærar B. Sørfonden som møtestyrar. Det vart vedteke lover og valt styre.

Om det som gjekk føre seg på desse to møta og det som hende på dei, skal vi la den drivande krafta bak skipinga, lærar (seinare overlærar) B. Sørfonden, fortelja:

«I 1906 fikk jeg ansettelse som lærer i Bergen og overtok stillingen utpå høsten samme år.

Fra før hadde jeg under reiser fått litt kjennskap til byen, men dette var hverken inngående eller egentlig så strålende. Som lærer ble det selvsagt min første plikt å sette meg inn i mitt spesielle arbeide, og herunder lærte jeg de forskjellige hjem å kjenne. Og etter hvert utvidedes så kjennskapet til byens befolkning, de forskjellige stender, livssyn, samfundssyn og spesielle forhold, og så forskjellig disse kunne arte seg, var der en ting som tydelig sprang frem: Byens befolkning var delt i to skarpt adskilte kategorier: de innfødte og de innflyttede.

De innfødte holdt fast på at byen alltid hadde vært «nokke for seg sjøl» og skulle vedbli å være det. Det var således ikke lett å være innflytter. Lettere ble det heller ikke da en del som opposisjon samlet seg i egne lag og forlangte bygdemiljø og bygdemål opprettholdt i byen. Og noe som gjorde innflytternes tilværelse enda mindre hyggelig var at de også mistet kontakten med hjembygdene. De hadde liksom ikke fotfeste noe



Overlærar B. Sørfonden frå Fitjar, fyrste formannen i Sørhordlandslaget. Etter målarstykke av Magnus Hardeland.

sted. Opposisjonen hjalp selvsagt ikke, gjorde heller, som en måtte vente, skillet enda dypere. Enkelte meldte seg inn i frikirkelige forsamlinger, politiske lag eller steder hvor de i det hele kunne finne et nogenlunde fast holdepunkt for sin tilværelse. Mange tålte ikke påkjenningen, og gav opp.

Disse forhold som var nedarvet gjennom hundrer av år, var just ikke lette å snu på. Men etter hvert begyndte tidsforholdene å forandre seg. Dampmaskinen kom, og det gamle system med seil og robåter ble ombyttet med dampbåter. Trafikken mellom land og by øktes, handel og vandel tiltok, liksom kjennskap mellom byfolk og landsfolk utvidedes sammen med forståelsen av at de i grunnen trengte hverandre. Mangen en innflytter hadde nok speidet etter en utvei bort fra skillet mellom by og land, men alltid funnet veien stengt. Også en del av oss Søndhordlendinger hadde snakket om det, og nå fant vi tiden inne til å gjøre et forsøk. Vi skulle starte et lag som skulle hjelpe til med å øke farten fram mot full forståelse mellom land og by. Her manglet ennu meget på at så var tilfelle, derfor måtte alt gjøres for å nå dette mål.

> *Vårt lag skulle arbeide for full forståelse mellom byen og innflytterne, at kontakten mellom utflytterne og hjembygdene måtte fornyes, samtidig med at laget skulle være en hyggeplass for medlemene.*

Og så gikk vi i gang. Innkalte til å begynne med et møte for søndhordlendinger, og der møtte overraskende mange, men etter at vår plan var fremlagt, viste deg seg at forståelsen manglet hos mange. De mente nok at et lag kunne være bra å ha, men om formålsplanen var der uenighet. En kunne ikke forstå vitsen med et arbeide slik vi hadde tenkt oss det. Det måtte være ganske andre ting arbeidet skulle omfatte, f.eks. avholdsaken, misjonssaken, målsaken eller andre saker som var oppe i tiden. Møtet endte dog med å bestemme at et lag skulle stiftes med det formål vi hadde framlagt, og at der snarest skulle innkalles til nytt møte der laget skulle konstitueres. Det nye laget ble avertert, og der møtte adskillige fler enn første gang, men de som var ueninge sist, møtte ikke og heller ikke senere. Det ble så bestemt at laget skulle settes ut i livet under navn av SØNDHORDLANDSLAGET og at medlemene skulle være søndhordlendinger eller gifte med søndhordlendinger. Et andragende fra folk fra Midthordland om å få være med ble forkastet.

Når det gjaldt språksaken ble det bestemt at medlemmene skulle stå fritt. Ingen skulle være avhengig av det målføre han sympatiserte med. Denne bestemmelse vakte ikke så liten motstand, idet en del mente at målsaken skulle inngå som ledd i lagets arbeide som bygdelag, og nøyaktig det samme var tilfelle når det gjaldt avholdssaken.

Utenom dette å skape kontakt med byen på den ene side og bygdene på den annen side skulle hver især stå fritt. Når lagets mål var nådd, kunne en jo eventuelt oppta andre formål som arbeidsfelt. Vedtakene om mål og avhold kom forøvrig senere til å volde laget en del møye.

Styret kom til å bestå av Sørfonden som formann, grosserer H. Sæbø, fru Sæbø, løytnant Harald Wee og frk. Ragnhild Hovland. Endelig ble det bestemt at laget skulle holde en større stiftelsefest.

Denne ble også holdt med pomp og prakt i Håndverks- og Industriforeningens festsal den 22. mars 1919. Hele 88 gjester deltok, og Sørfonden holdt festtalen. Det ble en hyggekveld som spådde godt for laget. Bare avholdsmennene anket over at der ble servert øl til maten».

Søndhordlandslaget frå 1919 til 1938

I denne tidbolken var det to menn som byttest om å vera formenn, B. Sørfonden 1919—1923 og 1926—1930, og Harald Wee 1923—1926 og 1930—1938. Dei var båe med i laget frå byrjinga av og arbeidde mykje saman. Dei var med og skapte ånda og tonen i laget, og det høver difor å sjå tidbolken under eitt.

Som vi har sett, skulle laget ha eit trefaldig føremål: Knyta innflyttarar og byfolk saman, fremja sambandet mellom utflyttarane og heimbygdene og skape hygge mellom medlemene.

Den fyrste av desse oppgåvene, byen og innflyttarane, freista dei å løysa med talar om Bergen på festane og føredrag om byen i gamal og nyare tid. Framståande menn heldt føredrag, t.d. skuleinspektør Greve om by og land, rektor og ordførar Stensaker: «En tur gjennom Bergen i middelalderen», lærar Askeland: «Slaget på Bergens våg i 1665». Dessutan er det ein viss bytone over mange tilskipingar, særleg festane. Og endeleg er det bokmålet som har fremste rommet i denne tidbolken. Lovene er på bokmål, alle referat og for det meste lagsavisa er på dette målet. Visst nok var det vedteke at laget skulle vera nøytralt i målspørsmålet, og nokre målmenn mellom medlemene, som lærar Omvik og ingeniør Tveit, er mellom dei mest aktive i laget. Likevel er det bokmålet som stort sett rår grunnen.

Oppgåve nr. 2, sambandet med heimbygdene, var sjølvsagt det viktigaste og kom til uttrykk alt på fyrste møtet med føredrag av professor Hannaas om Folkediktning i Sunnhordland. Ellers er det ein tale for Sunnhordland mest på kvar fest og ei lang rekkje med føredrag på lagsmøta med emne knytte til Sunnhordland. Det kan gjelde soge og historiske og kjende personar, natur og folkeliv. Vi skal nemne nokre av desse emna: Lærar Olav Omvik: om Jens Tvedt, lærar A. Næss: om Håkon den gode, oberst Wahl: om «Søndhordlændingenes deltagelse i kampen mot Karl XII». kyrkjesongar Fosse: om «Gravhauger og Helleristninger i Etne» og om Erling Skakke, lærar Sørfonden: om «Forholdene i Søndhordlandsbygdene som de er i dag», overlærar Omvik: om Gildet på Onarheim, pastor Wee: «Blandt sunnhordlendinger i Amerika». Dei fekk og i stand ein lysbiletekvled med føredrag og bilete frå 40 ulike stader i Sunnhordland.

Eit ynskje kjem ofte fram på lagsmøta. Det er å få i stand utferder til bygder i Sunnhordland. Dei arbeidde mykje med dette, men greidde berre å få i stand ein tur. Ein gråverssundag i juni 1927 dreg dei av stad til Rosendal og Uskedalen med D/S «Hardangerfjord», i alt 200 menneske med Åsane musikklag til å liva seg opp. Ein gild tur trass i gråveret, seier referenten.

Eit anna tiltak som og var tenkt til å knyte laget og bygdene saman, var ei premietevling om den beste sunnhordlandssongen. Ei domsnemnd der bibliotekar Smith, bladstyrar Joleik og skuleinspektør Greve var med, vurderte dei innkomne songane, og utfallet vart kunngjort 26/10 1926: 1. pr. Sørfonden: «Blide bygder». 2. pr. a) Aasm. Rørvik, Husnes: Sunnhordland. 2.pr.b) Mikkjel Lønning, Stord: Sunnhord-



Frå Kvinnherad. Fyrste utferda laget skipa til var til Rosendal og Uskedalen. Foto: Presthus, Ølve.

land. 3. Heiderleg omtale: H. J. Alne: «Til Søndhordland».

Ei oppgåve laget arbeidde for i denne tida og ytte pengehjelp til, var reisinga av eit Håkonarminne på Fitjar. (For nærare omtale om dette sjå annan stad i dette skriftet). Likeins valde laget skuleinspektør Greve som utsending til Moster til 900 års jubileet for Kristendomen i 1924.

Ei oppgåve av reint sosialt slag var den Kvinnelaget tok opp. Alt fyrste året laget var til, vart det skipa ei Kvinneforeining. Dei skulle skaffa pengar til hjelp for sunnhordlendingar som hadde fått tuberkulose — eller «tæring» som ein sa den gongen. Det var mange som trong økonomisk stønad til opphald på sanatorium eller til å halda fram med kuren etter opphaldet. Bygdene var i denne tida mykje herja av denne sjukdomen. Kvinnene sydde, spøta og broderte og heldt utlodding, og det var ikkje småsummar dei fekk inn på denne måten. Eit oversyn frå åra 1925—30 viser at Kvinnelaget hadde fått inn omlag 5000 kr. og hjelpt 35 sjuke.

Alt fyrste året tok laget opp arbeidet med å skaffe seg eige hus. Dei la planar om å byggja eit Sunnhordlands hotell i nærleiken av damskipskaien med høveleg møte- og lagsrom. Laget greidde å samla inn ein god del pengar til dette føremålet. Dei vart innsett på konto i Landsbanken. Men banken kom i vanskar, pengane gjekk tapt, og dermed var det slutt med draumen om eige hus.

Det tredje føremålet laget hadde, var å skapa hygge mellom medlemene. Det var særskilt festane som hadde denne oppgåva. Og festar hadde laget mange av. Dei hadde 3 hovudfestar i mange år framover. Det var årsfesten tidleg på året, 17. mai-fest og juletrefest for born og vaksne. Dessutan var det mange andre festar: samlingsfest om hausten, korgafestar, ungdomsfestar, kvinnelagsfestar og andre. Og dertil gjerne ein svingom på lagsmøta. Det møtte vanlegvis mange fram til festane. Om ein juletre-

fest i 1924 heiter det at det fyrst var 75 born og etterpå 180 vaksne, «vesentlig ungdommer av et meget godt utseende og beskjeden fremtreden».

Særleg to av festane, årsfesten og 17. mai-festen, gjekk etter eit visst bymønster. Lat oss sjå litt på ein slik fest, som også har ei viss interesse av andre grunnar.

Det er årsfesten på hotell Transatlantic den 23. februar 1924. Omlag 80 gjester er til stades: «Presis kl. 9.30 tok man plass ved de festlig dækkede borde til tonerne fra piano og mandolin. Komiteformand Oscar Olsen ønsket alle velkommen. En fortrinlig prolog av Sørfonden ble opplest av frk. Myklebust. Sangen: «Eg veit ei bygd i Sunnhordland». Mat: Stek av okse og svin med behørige stuinger med herlig karamelpudding. Ved desserten festtale av Sørfonden. Sangen: «Hvor brede bygder skinner». O. Olsen: tale for fedrelandet. «Ja vi elsker». Kjøpmann H. Sæbø talte for kongen og sa at kronprisen som eier av «Solstråleøen» var søndhordlendingen. Kongesangen. Harald Wee: tale for Bergen. Bergenssangen. Kr. Steffensen: tale for kvinnen. Sangen: «Vi har sagt det såt tidt og du vet det så godt, du er mektig du kvinde i nord». Men så — presis kl. 1/2 12 blev talernes række avbrudt. Hotellets trådløse mottagerapparat blev satt i funktion og man kunde umiddelbart derefter nyte orkestermusikken i London pr. trådløs. Der blev spillet tre forskjellige numre, hvorav spesielt de to siste var meget bra. Så langt er vi altså komme i Søndhordlandslaget.

Derefter fremførte frk. Myklebust en versifiseret tale til mandens pris efterfulgt av en tidig sang forfattet av fru Lina Sandvold. — Den alltid alltid våkne og oppfinnsome formand Wee kommer så med en overraskelse. Det er utdeling av ordener til fortjente medlemer. Lærer B. Sørfonden utnævnes til ridder av den blå stjerneorden for sin store indsats i laget og for sin tålmodighet under de stadige skjærmydsler som fant sted på grund av de forskjellinge sprogs og gemytters sammenblanding. Skoleinspektør Einar Greve utnævnes til kommandør av den grønne stjerneorden for store tjenester vedkommende lagets ve og vel på mange måter og i særdeleshet for sin indsats i kampen for lagets selvstendighet og frigjøringsverket av 6. februar 1923. — Greve takker for maten. Derefter er det sang, musikk, kaffe og dans til langt inn i de små timer».



D/S «Søndhordland», (bygd av BMV 1872), hadde det gamle namnet på landsdelen, namnet som førde til målstrid i laget. Denne striden enda med kløyving, me fekk Søndhordlandslaget og Sunnhordlandslaget. Biletet er frå HSD sitt arkiv.

Dette referatet skulle gjeva eit godt inntrykk av ånda og tonen i laget på denne tida. Mange er med og yter sitt til programmet både på vers og prosa, og alle er medlemer.

Målstrid og skiping av Sunnhordlandslaget

At det måtte verte spenning mellom dei to målformene i laget, var heilt naturleg. Dei som gjorde opptaket til laget, var, dei fleste, oppvaksne i bokmålstradisjonen. Dei to formennene, Sørfonden og Wee, var båe fødde i 1870-åra, og Greve, som var svært aktiv i laget og dertil ein førande stridsmann for bokmålet, var fødd i 1866. Og ein må hugse på at det var fyrst etter 1892 at det vart lov å nytta nynorsk som skriftleg opplæringsmål i folkeskulen. Bokmålet var difor det naturlege uttrykksmiddelet for desse. På den andre sida var det ein god del målfolk, og fleire vart det etter kvart.

Alt på skipingsmøtet kom den fyrste «skjærmydsel». Framlegget til lover var på

bokmål, og det kom framlegg om at lovene også måtte skrivast på nynorsk eller sunnhordlandsmål. Dette førde til ein kvass ordstrid, men det enda med at framlegget vart nedrøysta mot 5 røyster. Den neste store holmgangen i målspørsmålet var 17/9 1920. Då drøfta dei eit skriv frå Vestlandske Mållag som ynskte at Søndhordlandslaget skulle melde seg inn i mållaget og såleis vere med og stø målarbeidet. Det vart eit langt og heller kvasst ordskifte om dette. Rett mange målfolk stod fram og sa dei hadde samhug med tanken, men sidan det ville vera brot på nøytralitetslina og skape kløyving og utrivnad i laget, røysta dei fleste mot innmelding. Ved endeleg avrøysting var 39 mot og 7 for innmelding.

Så var det tolleg fredeleg på målfronten i fleire år framover til sjølve storslaget kom den 6/2 1923. Politibetjent Myklebust hadde gjort framlegg om at laget burde skifta namn og kalla seg SUNNHORDLANDSLAGET i samsvar med at styresmaktene no hadde fastsett at Sunnhordland skulle vera det offisielle namnet på landsdelen. Om denne debatten skriv Gula Tidend: «det var eit veldugt ordskifte, store samanstøytt og uppvask millom dei tvo meiningane». Og ein av målmennene, ingeniør Tveit, skreiv i ein artikkel i bladet Sunnhordland at dei vart møtte med eit så hardt åtak frå bokmålsfolket at det var uråd å stå som medlemmer etter dei harde orda som fall. Og det tykte han var ille, for han hadde lika seg i laget. Ein arg «søndhordlendingen» skreiv i Bergens Tidende at dei mest indignerte målfolka «forlot møtet under flyvende faner og klingende spill» og truga med å skipa eit nytt lag. Og, skreiv han vidare, «når man nu i det gode gamle Søndhordlandslaget er blitt disse mennesker kvitt, skulde der i grunden være grund til at glede sig derover».



M/S «Sunnhordland» avløyste D/S «Søndhordland». Foto: Normann.

Etter det stormfulle møtet i februar 1923 melde mange målmenn seg ut, mellom desse dei to medlemene av styret, Heggland og Roaldstveit, og skipa SUNNHORDLANDSLAGET 9. mars same året med lærar Olav Omvik som formann. Føremålsparagrafen til det nye laget lydde slik. *«På norsk målgrunn vil laget arbeida til styrkjing av sambandet og samkjensla millom sunnhordlendingar i byen og dei i heimbygdene, auka kjennskapen til gamle kulturminne, ætt, sed og skikk i Sunnhordland og samla sunnhordlandsungdom i byen til ideelt og nasjonalt ungdomsarbeid».* Med omlag 50 medlemer gjekk så laget i gang med arbeidet på dette grunnlaget og held fram til krigen kom.

Det gamle Søndhordlandslaget heldt fram som før etter skiljet. Dei hadde alt tidleg skipa ein «dramatisk klubb» og freista med eit songlag og ein leikarring. Men det gjekk heller trått. Ein to-tre leikframsyningar, nokre få songnummer og tre spelstykke var det heile. Det var fyrst etter 2. verdskrigen at desse særlaga fekk eit større liv. Likeins var det med lagsbladet «Søndhordlendingen». Det kom med lange mellomrom og etter stadige purringar dei fyrste fem-seks åra. I 1925 sovna det stille inn og dukka ikkje fram att før i 1947. Men lagsverksemda var elles livleg nok. Medlemstalet varierte mellom 150 og 100 til fram mot slutten av 20-åra. Då fall det brått til 40—50 i fleire år framover. I 1929 kunne dei ikkje halde 10-årsfest, for det var for liten tilsluttnad. Leiarane i laget var pessimistiske og tala om «møtetretthet» og tenkte på at dei kanskje måtte leggja laget ned. Dei vedtok at i tilfelle nedleggjing skulle kvinnelaget få rådvelde over dei midlane laget åtte. Denne nedgongen i lagsinteressa ikring 1930 og

nokre år framover har visseleg samanhang med tilstandet i landet ellers. Dei illgjetne trettiåra med si store arbeidsløyse og stagnasjon på alle område i samfunnslivet er velkjende nok. Fram mot slutten av denne tidbolken auka interessa på att. Mange yngre melde seg inn, og med dei kom ei aukande interesse for nynorsk i laget. Dei nye som kom med, hadde så å seia alle hatt nynorsk-opplæring i folkeskulen, og mange hadde gått folkehøgskulen.

I 1938 vart det sett ned ei nemnd som skulle drøfte sameining av SØNDHORDLANDSLAGET og SUNNHORDLANDSLAGET. Frå Søndhordlandslaget møtte skulleinspektør Greve, revisor Ole Sæbø og fru Lina Sandvold. Sunnhordlandslaget kunne gå med på at lovene vart skrivne på begge målføre, men laget kunne ikkje gå med på at det vart lyst i blada på anna enn nynorsk, og dermed stranda denne freistnaden på samling. Etter krigen tok ikkje Sunnhordlandslaget arbeidet opp att, etter di det ikkje lenger var nokon skildnad å tale om mellom dei to laga.

Vi skal til slutt gjeva ordet til Sørfonden til ei kort skildring av arbeidet i denne bolken: «Og så tok selve lagets arbeid til. Styret ble enige om at der burde holdes lagsmøte hver 14. dag, og programmet for hvert møte måtte være rikt og vekslende så både eldre og yngre kunne finne noe av interesse for seg og bli fast møtende medlemer. Sang og musikk ble faste poster på programmet. Likeledes et foredrag over emnet som vekslet etter vedkommende foredragsholders innstilling. De kunne være religiøse, sosialt pregede, eller omhandle spesielle spørsmål som var oppe i tiden, livet i bygden og i byen osv. Foredragsholdere sto en aldri i bet for, enda de måtte gjøre det gratis. Prester, sakførere, lektorer, vitenskapsmenn og mange andre gjorde oss tjenesten med glede, og nettopp her kom det laget tilgode at talemålet var fritt. Her skal også nevnes en mann som på mange måter gjorde laget uvurderlige tjenester, nemlig daværende skoleinspektør Einar Greve. Som født sunnhordlending ble han medlem fra første stund og bistod laget med råd og dåd. Bare en slik ting at da Kringkastingen bad om et kort riss av landsdelen Søndhordland, kunne han i korte trekk gi en glimrende oversikt.

Ellers var bygdene ofte på tale særskilt. Blandt medlemene var der just ingen stortalere. De måtte bokstavelig læres opp. Verste hindring var tilbakeholdenheten, flauheten. Derfor tok en gjerne diskusjonsmøter iblandt og innimellom mindre fester hvor ofte små selvlagdede sanger til bygdens ære dukket opp og ble sunget og tilbørlig aploudert. I det hele arbeidet laget seg sammen til en interessert og selvhjulpen krets. Medlemstallet steg jevnt og ofte møtte folk fra andre lag. Særlig var våre fester kjent og godt besøkt.

Når det gjalt møtelokaler, så hadde vi ikke slike fast, men vi var velkomne igjen både etter møter og fester».

Sunnhordlendingen frå 1938 til 1942

Sidan det ikkje hadde vore råd å få til samling av dei to sunnhordlandslaga, vart det på årsmøtet i Søndhordlandslaget 24. mars 1938 vedteke å endra namnet på laget til Sunnhordlendingen, slik at førestavinga i namnet kom i samsvar med namnet på landsdelen. Likeins vedtok dei at laget sine lover skulle vera på båe målføre og at styret skulle stå fritt i målspørsmålet, og endeleg valde dei målmannen revisor Ole Sæbø til formann. Det er tydeleg at det no er nynorsk som held på å ta råderommet i laget. Ein ser det og på det at styre- og møteprotokollane, som til den tid ikkje hadde innehalde eitt nynorsk ord, frå no av vert førte så å seia berre på nynorsk. Det er ikkje så å forstå at dei gamle leiarane som gav ånda og tonen, har svikta laget. Dei er framleis aktive og med, men styringa i laget er i yngre hender.

Elles går arbeidet i laget stort sett som før med lagsmøte og festar. Men det er sjeldnare mellom møta og festane. I 1939, til dømes, er det juletrefest, eit sammøte med



Den nye M/S «Sunnhordland». På eit møte i Sunnhordlendingen i 1938 gjekk Einar Greve og B. Sørfonden inn for at det kom snøggare båtar i sambandet mellom Bergen og Sunnhordland. Denne draumen vart realisert i 70-åra. Då «gamle» M/S «Sunnhordland» slutta, var det snøggbåtane som overtok. Foto: Bjørn Lautin — HSD, arkivet.

andre bygdelag, 20-årsfest og årsmøte. Det er det heile. Grunnen er at laget slit med dårleg økonomi. Det er etter måten få faste medlemer, og det er vanskeleg å få inn kontingenten. Det kjem nok ein god del folk til festane, men ikkje mange nok til å gjeva overskot. Det kostar å leiga lokale, og det kostar å tinga talarar og musikk. På årsmøtet i mars 1940, det siste møtet føre okkupasjonen, tek dei føre seg fattigdommen sin og drøfter korleis dei skal finna på råd til å betra stoda. Den gamle stridsmannen og idealisten Greve hevdar at medlemene sjølv bør halda føredrag. Då sparer ein pengar. Ein annan av dei gamle, Stople, meiner at laget bør leiga Turnhallen og skipa til dansekveldar. Denne tanken fekk motbør i laget. Eit lag med ideelle hugmål burde ikkje nytta dansen til å skaffa seg inntekter. Likevel slo denne tanken gjennom etter krigen, og ein fekk dei såkalla bygdelagskveldane.

Aldri så gale at det ikkje er godt for noko, heiter det. Dei økonomiske vanskane laget hadde i tida før krigen, vart nytta som eit godt argument av formannen og styret då laget vart sett under press av Quislings leigesveinar i 1942.

Som vi har nemnt, meinte Greve at medlemene sjølve skulle halda føredrag og talar. Og han sjølv var ikkje minst viljug i så måte. På eit haustgilde i 1938 heldt han føredrag om det evig aktuelle emnet: «Kommunikasjonsmidler i Sunnhordland» — med ordskifte etterpå. Han og Sørfonden ville ha snøggare båtar, Wee ville ha betre utbygging av vegane, og Einarson ville ha samarbeid mellom bil og båt. På juletrefesten i 1939 tala Greve om fedrelandet, og formannen, Ole Sæbø, om Sunnhordland.

Eit nytt innslag i lagsarbeidet i denne tidbolken var fellesmøte med dei andre bygdelaga med røter i Hordaland: Hardinglaget, Vossalaget og Nordhordlendingen. Det var 2 slike, i 1938 og i 1939. På det fyrste heldt lærar Tveisme frå Hardinglaget opningstalen. Han sa nokre ord som kan vere verdt å minnast:

«Ein byungdom i byen er som eit omplanta tre. Det må vernast om det skal trivast. Her ligg den store oppgåva for bygdelaga».
Arne Bjørndal tala, spela og song. På det andre møtet var hovudtalaren høgskulemannen Martin Birkeland. Båe desse møta samla mykje folk og bar seg økonomisk og var til stor hugnad.

Den 18. mars 1939 heldt Sunnhordlendingen 20-årsfest på hotell Rosenkrantz med god tilslutnad, og dei fleste som var til stades, hadde vore med frå laget vart skipa. J. Sandvoll styrte festen og helsa særskilt velkommen Sørfonden, Wee og fru Sæbø som hadde vore med i det fyrste styret. Dessutan fekk Greve ei særskild helsing som ein av laget sine mest interesserte medlemer. Greve heldt festtalen, Sørfonden gav eit oversyn over laget sitt arbeid i dei farne 20 år, Ole Sæbø tala for skiparane, Oscar Olsen mintest dei avlidne, Wee tala for fedrelandet, Stople for Bergen, Baugstø for syforeninga, O. Einarson for kvinna, og lektor Guddal takka for maten. Det var dikta songar som vart sungne mellom talane.

Det siste møtet før krigen var årsmøtet i mars 1940 som vi har omtala før. Dei hadde planlagt eit nytt møte 16. april, men av gode grunnar kom ikkje det i stand.

Eit år gjekk. Då kalla formannen, Ole Sæbø, inn til årsmøte med festleg samvære den 3. april på hotell Fønix. Det var eit

underleg møte med praktiske lagssaker og gripande talar, men tankane på tilstanden i landet og det som hadde hendt, la ein særleg alvorsam dåm over det heile. Styret vart attvalt, og ved bordet tala Wee for vennskapen og bad dei drikka «en vennskapets skål i disse ufredstider». Greve ville «utbringe en skål for bygdene der sør — som i denne stund er i tankene våre». Formannen mintes dei falne i krigen. Det var skikk og bruk å halda ein tale for fedrelandet på festane våre, sa han. «I kveld kan eg ikkje gjera dette utan at me minnest dei som elska landet så høgt at dei gav livet sitt». Så reiste dei seg og song fedrelandssongen.

Så gjekk det atter eit år. Ved «statsakta» i februar 1942 vart Quisling utnemnd til ministerpresident. Og no tok han til å «nyskipa» landet, mellom anna sende han i mars over 1000 lærarar til Kirkenes, ikkje som kulturberarar, men som fangar. Også dei frie kulturorganisasjonane, som Noregs Ungdomslag, skulle vera med i nyskipnaden. Det kom ei «forordning», og etter den var alle bygdelaga og liknande samskipnader tilslutta Noregs Ungdomslag. Ein nyutpeika representant for Noregs Ungdomslag, Dagvald Bakke, melde frå om dette til Sunnhordlendingen og påla laget å ta opp arbeidet. Styret svara at på grunn av den dårlege økonomien i laget kunne dei ikkje gjera det. Etter ei innkalling til, og formaning av herr Bakke, forma styret dette skrivet den 16/4 1942 til Noregs Ungdomslag:

«Etter samråding med Dykk den 14. d.m. har me no halde nytt styremøte og dryfta laget si stode.

Styret vart då samde um å halda fast på standpunktet me tok i skrivet vårt av 31. f.m. at me finn ikkje nokon grunn til å taka uppatt lagsarbeidet.

Me segjer difor frå at me ikkje lenger ynskjer å stå som styre i Sunnhordlendinge». Heile styret skreiv under.

Og med dette endar soga til Sunnhordlendingen i denne omgangen. Krigen rasa vidare. Mange er med i det fårlege spelet, også frå Sunnhordland.

Lagsarbeidet i Sunnhordlendingen låg nede frå 1942 til 1947.

Sunnhordlendingen frå 1947 til 1956

I den tidbolken som her skal omtalast, var desse formenn: Ole Sæbø (1947—1949), Knut Brattebø (1949—1952), Kåre Utåker (1952—1954), Thorvald Holmedal (1954—1956).

Det var Sørfonden som gjorde opptaket til å få laget i gang att etter krigen. Og det fyrste møtet vart halde i mars 1947 under leiing av formannen Ole Sæbø. Det var heller lite frammøte, men god stemning og god vilje til å ta fatt på nytt.

Etter kvart auka medlemstalet, og i 1948 var det 60—70 lagsfolk. Og på møta og særleg på festane var det mange ikkje-lagsfolk som møtte fram.

I den fyrste tida hadde ikkje laget nokon fast møtestad, men flakka omkring frå Kjøpmannsforeningen til ei rekkje med andre stader: hotel City, Hotell Rosenkrantz, Befalslaget, Håndverk og Industriforeningen o.fl. Etter kvart vart Gimle den faste møtestaden. Den gamle tanken om å skipa til dansekveldar, som hadde vore oppe fleire gonger før, vart no sett ut i livet med dei såkalla bygdelagskveldane i Gimle. Frå 1949 vart det kvart år halde fleire slike kveldar. Dans var hovudposten på programmet, det var tilgjenge for alle, mykje folk møtte, og det kom pengar i kassa.

Det vanlege lagsarbeidet heldt fram som før krigen med frå 7 til 15 møte for året og dertil 3—4 festar. Om me ser på 1. punktet i den gamle føremålsparagrafen, arbeidet for å skapa forståing mellom innflyttarar og byfolk, kom det meir i bakgrunnen. Det er likevel ein to-tre tilskipingar som kan nemnast i denne samanhangen. I februar 1949 var det møte i Schøttstuene med føredrag av inspektør Lohte om dette gamle kulturminnet frå Bergen og etterpå var det omvising i den gamle garden. I 1952 var det føredrag med film av bygartnar Aspeseth om parkane i byen.

FORMENNENE I LAGET DEI 50 FYRSTE ÅRA
1919—1958



B. Sørfonden,
form. 1919—23
og 1926—30.



Harald Wee,
form. 1923—26
og 1930—38.



Ole Sæbø,
form. 1938—49.



Knut Brattebø,
form. 1949—52.



Kåre Utåker,
form. 1952—54.



Thorvald Holmedal,
form. 1954—56.



Per Ivarsøy,
form. 1956—58.

Bileta er henta frå 50-årssoga. — B. Sørfonden frå Fitjar — heidersmedl. frå 1949 — døydde 1964, Harald Wee frå Etne — heidersmedl. frå 1950 — døydde 1952, Ole Sæbø frå Halsnøy, Knut Brattebø frå Jondal, Kåre Utaaker frå Valen, Thorvald Holmedal — død, sjå minneord annan stad i dette skriftet, Per Ivarsøy frå Fitjar — heidersmedl. frå 1969.

Ei tilstelling som det ikkje er skrive noko om og som difor må refererast etter minnet, vitnar om godt samarbeid mellom byfolk og innflyttarar for ei god sak. Det må ha vore i 1949. Etterdønningane etter storkrigen var ikkje over, og i Mellom-Europa var det ein stor flokk forkomne flyktningborn so trong hjelp. Den energiske og aktive formannen i laget, Knut Brattebø, meinte at laget burde gjere ein innsats for å hjelpa og drog rundt i byen for å høyre etter eit høveleg lokale for ei tilskiping. Og lokale kunne han nok få fleire stader, men dei hadde sine faste takstar, og det var fare for at vinninga ville gå opp i spinninga. Vi kom då på at vi skulle spørja fru Schrøeder som disponerte sjølvaste storstova i Bergen, festsalen på Grand. Jau då, salen skulle vi få, og «selfølgelig gratis», svara ho.

Fru Schrøeder døydde for kort tid sidan, og ho står i minnet som ei storlyndt og hjartevarm kvinne.

Den same godviljen møtte vi hjå dei som vart bedne om å vera med og laga program. Det var eit spelstykke framført av elevar frå Hordaland Gymnas, leikarring frå Nordhordlendingen, ein songar og songarinne frå byen, turnoppvisning, opplesing av skodespelar Eilif Armand og meir. Alt vart ytt gratis. Det kom mykje folk, og det kom inn ein god del pengar til denne gode saka.

Bortsett frå slike einskilde tiltak, var det lite som hadde særskilt med byen å gjera. Nokre av dei gamle var framleis med. Greve heldt sitt siste føredrag i laget i 1947. Han døydde året etter. Sørfonden var trufast i mange år framover med føredrag, talar og prologar. Det gamle bymønsteret på festane kom berre fram ved særskilte høgtidelege høve, målforma gjekk av seg sjølv over til nynorsk, og laget kom heilt på line med dei andre bygdelaga i Bergen.

Føredrag, talar og dikt om ymse sider ved Sunnhordland var det naturleg nok mange av gjennom heile tidbolken. Såleis tala den kjende sunnhordlendingen Kristoffer Sydnes om Sunnhordland i eldre tider, lærar Askeland om Erling Skakke, Meidell-Berge om juleskikkar i Sunnhordland, Henning Henriksen om diktaren Johannes Heggland frå Tysnes, Thor Myklebust om Kvinnherad. Dertil kom alle talane på festane. Ein type føredrag som var mykje omtykt i laget, var reiseskildringar med og utan lysbilete, Det var mange av dei, og vi skal nemne nokre: Knut Brattebø — ei ferd Bergen—Austlandet—Bergen (m. lysbilete), A. Adriansen — fleire føredrag med lysbilete frå ymse stader i landet, Thor Myklebust — ei ferd til Sverige, Ivar Eskeland — ei ferd til Island, Kåre Utåker — ei natt i Casablanca og dagar i Spania, Thor Myklebust — tre veker bak jernteppet.

Dessutan var det ei rad med føredrag om svært ulike emne og nokre ordskiftekveldar.

Den selskaplege sida av lagsverksemda hadde framleis ein brei plass og kunne få mange former. Det var dans på dei fleste møte, song, musikk, opplesing, allsong, korsong, peis- og hyggekveldar med kaffi og skrøner og historier, gissetevlingar, kappeting, kappsying, turnframsyningar, sketsjar og spelstykke. Det var festar av ymse slag: pakkefestar, skotårsfestar der særleg kvinnene i laget var aktive, saumarlagsfestar med utlodding, og julefestar som hadde ein meir høgtidsam dåm over seg med gang rundt juletreet og gjerne med ein prest som talar. Lagsbladet kom i gang att, no hadde det fått namnet SUNNAVIND. Alt dette var med og skapte trivnad og ein kameratsleg tone i laget.

Det er to trekk i lagsarbeidet ein særleg legg merke til i denne tida. Det eine er at særlagsverksemda får nytt liv, og det andre er eit auka samarbeid med andre lag og samskipnader.

Som det er fortalt før, freista dei med spellag, songlag og leikarring alt i 20-åra. Men det gjekk heller trått, og dei vart ikkje liv laga. I 1948 kom songlaget i gang att etter opptak av Magnus Hardeland som var den fyrste dirigenten. Etter eit år gjekk dette laget med i HORDAKORET, eit sams songlag for dei 4 Hordalandslaga i Bergen. Spellaget kom i gang i 1949 og synte fram mange stykke i åra etterpå. Leikarringen

vart nyskipa og sette i gang leikskeid. I tillegg til dette vart det skipa skyttarlag og idrottsråd. Og desse laga var med og skipa til tevlingar bygdelaga i mellom. Særlaga auka aktiviteten i lagsflokken og ytte verdfulle tilskot til møteprogramma.

Det samarbeidet som hadde teke til før krigen med sammøte mellom dei 4 Hordalandslaga, tok seg opp att etter krigen. Utanom Hordakoret vart det 3 år på rad frå 1948 skipa til Hordagilde der dei ymse laga byttest om laga til program. Dei fekk stor tilslutnad og var til stor hugnad.

I 1948 vart Sunnhordlendingen med i Bygdelagsnemndi, ein samskipnad som skulle ta seg av oppgåver som var sams for bygdelaga i Bergen, m.a. arbeidet for eit bygdehus i byen. Like eins kom laget på denne måten i same samskipnad som det no landskjende idrottslaget GULAR.

I 1950 vart laget innmeldt i Hordaland Ungdomslag og dermed i Noregs Ungdomslag. Det var ein del ordskifte seinare om laget hadde noko utbyte av å vera med i N.U. Men eit framlegg om å melda laget ut vart drege attende.

Eit anna lag Sunnhordlendingen vart medlem av, var «Folk og Forsvar». Men det viste seg at det var så mange ulike syn på denne organisasjonen — somme likte ikkje NATO, og andre var redde for militarisme — slik at laget valde å melda seg ut i 1952.

Ei anna form for samarbeid laga i mellom som blømde i denne tida, var at dei gjesta kvarandre med program, særleg med skodespel. Såleis var spellaget til Sunnhordlendingen på gjesting hjå BUL med spelstykket «På Listøl» og hjå Ervingen med «Petter og Inger». Nordhordlendingen gjesta Sunnhordlendingen med «Sovande Sorg», Sunnfjordlaget gjesta oss med «Helten og brotsmannen», BUL kom med «Brennefolket». Dessutan var det sketsjar og talarar i byte mellom dei ymse laga. Det var alltid festleg og gildt med desse kveldane.

I samsvar med den utviklinga som hadde gått føre seg innan laget i mot meir bygdenorsk lei enn før, vart det i 1950 vedteke nye lover. Føremålspragrafen lyder:

a) Bygdelaget Sunnhordlendingen skal fremja kjennskap og venskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller kring Bergen.

b) Laget skal spreie opplysningar om den rike kultur og sogetradisjonen i Sunnhordlandsbygdene.

c) Laget skal vera til hjelp og med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som kjem til Bergen.

Dessutan heiter det i ein paragraf at dersom laget vert nedlagt, skal det laget eig delast likt mellom Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag og Sunnhordland Folkehøgskule.

Ein ser skildnaden og likskapen mellom dei gamle og dei nye lovene. Dei gamle lovene var på bokmål og førde til målstrid. Dei nye var på nynorsk, men skapte ingen strid om målet.

Det gamle punktet om å arbeide for «full forståelse mellom byen og innflytterne» gjekk ut i dei nye lovene. Og det har si forklåring. Frå 1919 til 1950 gjekk det føre seg ei aukande utjamning mellom by og land. Det er som Sørfonden skriv: «...og i byen ble synet på innflytterfolket merkbart forandret etter som tiden og forholdene hadde skiftet». Han meinte at laget hadde hjelpt til med dette, jamvel om det berre hadde vore «et lite ledd» i prosessen. Og det kan gjerne vera.

Det er likevel slik, kor gjennomført utjamninga blir, vil ei ungjente eller ein unggut som kjem til byen, ofte kjenne seg heimlaus og hjelpelaus i den fyrste tida. Det nye punktet i lovene om at laget skal ta seg av nykommarar, vil difor alltid vera aktuelt. Ja, det er ei av dei viktigaste oppgåvene laget har, skape eit miljø der dei som kjem nye til byen kan kjenne seg heime — der dei kan få høyre heimemålet sitt — skaffe seg vener mellom dei som allereide er kjende i byen, og få desse unge aktivt med i lagsarbeidet.

Dei gamle og nye lovene var like i det at dei gjorde tilknytinga til Sunnhordlandsbygdene til eit hovudpunkt. Men dei nye lovene understrekar sterkare at laget skal

vere med å spreie opplysningar om dei rike kulturverda bygdene har.

Vi skal til slutt i denne bolken nemna 2 festar som fekk stor tilslutnad. Det var 30-års festen i 1949 og 35-års festen i 1954. Hovudtalar på båe desse festane var Sørfonden som på ein meisterleg måte greidde ut om lagsarbeidet, særleg i den fyrste tida. Han vart utnemnd til den fyrste heidersmedlem i laget på 30-års festen i 1949. Den andre formannen frå dei fyrste 20 åra, Harald Wee, vart utnemnd til heidersmedlem i 1950.

Sunnhordlendingen frå 1956 til 1969

Formenn i desse 13 åra har vore: Per Ivarsøy (1956—1958), Erling Hornenes (1958—1960), Petter Ersvær (1960—1963), Askild Ytrenes (1963—1964), Arnold Kjærfjord (1964—1966), Kjell Brekke (1966—1967), Lars Olav Tveita (1967—1968), Olav Fjæra (1968—).

Året 1956 tok til med juletrefest i Gimle 10/1. Det var festtale av Sørfonden, julesongar av Hordakoret, utdeling av julegåver av nissen — Per Ivarsøy, og gang rundt juletreet. Og tidbolken vart avslutta med «jolegilde» i Fensal i desember 1968. Det møtte 75. Det var lett tidtrøytte med leikar for ein kvar smak. Det vart servert rjomegraut og spekemat, kaffi og kaker. Etterpå var det dans for gamal og ung. Til denne festen hadde ein særskilt bede inn gamle medlemer i laget». (Det møtte ikkje så mange av dei på jolegildet des. —68, men det kom seg mykje med det ved dei fleste tilstellingane i jubileumsåret —69. Nærare omtale av det under tidbolken 1969—1979, OKF).

Desse 2 tilskipingane kan vel stå som ei ramme om arbeidet i laget, ikkje berre for den tida vi har føre oss, men for verksemda i laget alt frå fyrste dag. På den eine sida det høgtidsame og alvorsame og på den andre lettare tidtrøyte, skjemt og gaman.

Problemet til lagsleiarane har vore og vil truleg alltid verta å finna ein høveleg balanse mellom alvor og skjemt, mellom arbeid og moro. Blir det for einsidig lagt vekt på tidtrøyte, har det lett for å gli ut i berre dans. Heldigvis treng ikkje det eine stengja det andre ute. Talaren som har noko å bera fram, kan gjera det på ein lentug og skjemtsam måte. Lysbilete og film kan skapa farge og liv til ei reiseskildring. Og jamvel alvorsmannen som er sterkt oppteken av sosiale problem, kan verka interessevekkjande og ha stor appell, ikkje minst til ungdommen.

På den andre sida kan lettare innslag, som nissen på ein ellers høgtideleg juletrefest, verka positivt og gjeva ei velkommen avveksling. Og like eins kan tilskipingar med lettare program, som «jolegildet» i 1968, vere verdfulle, fordi dei løyser ut livsgleda og skaper hugnad og samkjensle.

Etter desse meir allmenne synsmåtane skal vi sjå litt på talarlista i laget i denne tidsbolken. Det var 4 talarar som tevla om fyrsteplassen og kom att år etter år. Fyrsteplassen tok Wilhelm Waage frå Tysnes, som mange vil kjenna som ein ordhag og morosam radiokåsør, med 7 talar. Han tala m.a. om «Folk med diktartrong, men utan diktargivnad», og han las eigne dikt som døme på dette, ein annan gong tala han om «Originalitet — eller måten å ordleggja seg på». Dei gamle var flinke, sa han, med ein rikdom på ord og vendingar, no var det meir klisjevorne uttrykksmåtar.

Som nr. 2 på lista, med 6 talar, finn me ein ikkje mindre kjend mann, den mangeårige ordføraren i Fitjar, Peder Nilsen Aga, kjend frå talrike innlegg i Bergens- og lokalpressa om dei mest ulike emne. Ein av talane hadde som emne: «Sunnhordland i gamal og ny tid», ein ypparleg tale, framført på ein lun og koseleg måte, der han kom inn på mange sider ved Sunnhordland, soge, natur og folkelynne. Han konkluderte med at vi skulle halda på det positive i den gamle kulturen, men og ta etter det beste i den nye.

Tredjeplassen på lista vart delt mellom landskapsfotograf Adriansen og lærar Torodd Bolseth — dei hadde 5 talar kvar. Den fyrste er ein gammal kjenning i Sunnhord-

FORMENNENE DEI 50 FYRSTE ÅRA

1958—1969



Erling Hornenes,
form. 1958—60.



Petter Ersvær,
form. 1960—63.



Askild Ytrenes,
form. 1963—64.



Arnold Kjærefjord,
form. 1964—66.



Kjell Brekke,
form. 1966—67



Lars Olav Tveita,
form. 1967—68.



Olav Fjæra,
form. 1968—

Bileta er henta frå 50-årssoga. — Erling Hornenes frå Skånevik — død, sjå minneord annan stad i dette skriftet, Petter Ersvær frå Reksteren, Askild Ytrenes frå Skånevik, Arnold Kjærefjord frå Tysnes, Kjell Brekke frå Tysnes, Lars Olav Tveita frå Fitjar, Olaguten — sjå lagssoga 1969—79.



Peder Nilsen Aga, fiskar og småbrukar frå Fitjar. Kommunepolitikar og flittig skribent i dagspressa, og talsmann for «utkant-stroka» i dagens samfunn. (Sjå minneord om han annan stad i dette skriftet). Teikna av Magnus Hardeland.

lendingen. Han synte lysbilete frå og kåserte om mange naturfagre bygder og stader frå Sunnhordland til Nord-Noreg, ein god kåsør og ein meister som fotograf. (Redaktørane av dette 60-årsskriftet har freista å få tak i biletarkivet til Adriansen — me ynskte å nytte ein del av Sunnhordlandsbileta hans i dette skriftet, men me har ikkje lukkast i å oppspore dette — så det må bli ei oppgåve for dei som skal skrive 70-årssoga å greie det).

Torodd Bolseth heldt talar av eit heilt anna slag enn dei 3 andre. Som mangeårig medlem av Bergens barnevernsnemnd hadde han fått god kjennskap til ei av livets skuggesider, ungdom som kjem på skråplanet. Føredraga hans verka sterkt. «De trenger hjelp, få dem med i et ungdomslag og rekk dem en hånd. Det er kanskje det eneste som kan hjelpe dem». I alle åra han hadde vore med i barnevernsarbeid i Bergen, sa han, hadde han ikkje møtt ein einaste lagsmedlem blandt dei unge lovbrytarane.

Utanom desse 4 var det ei rad med andre ikkje lagsfolk som heldt føredrag. Forfattar og ordførar i Tysnes, Johannes Heggland: ein festtale, ein prolog og eit føredrag. Lækjar Inger Haldorsen: Når bør ein gifta seg? Ragnar Ulstein, den kjende bokskrivaren: Englandsfarten frå Sunnhordland (særleg frå Bremnes og Bømlo) i den siste krigen. Bonde Per Lønning frå Stord: Tusen og ei natt — og Tunis. Han kunne godt tenkja seg å læra tunesarane å dyrka poteter under plast, sa han. Tidlegare lensmann i Sveio, Styrk Fjærtoft: Samferdsle og kraftutbygging i Sunnhordland. Lærar og ordførar i Etne Trygve Vinje: Historiske hendingar og minnesmerke i Etnebygdene. Rektor Rydland og Meyer Eldøy: Sunnhordland Folkemuseum, føredrag og lysbilete. Lektor Lægreid heldt føredrag om Forsøksgymnaset i Oslo, dette var eit sammøte mellom Sunnhordlendingen og Gymnasiastmållaget.

I tillegg til dette kjem så all talarverksemda som lagsmedlemene dreiv sjølve: kåseri, talar og føredrag. Det var mykje av det. Særleg hadde reiseskildringar med lysbilete og film frå Sunnhordland og inn- og ut-land ein brei plass.

Av talarlista vil ein sjå at emne med tilknyting til Sunnhordland hadde ein sentral plass også i denne tidbolken, som rett og rimeleg er i dette laget.

Den gamle tradisjonen med ein meir høgtidleg juletrefest i januar heldt seg i mange år framover. Frå 1960 heldt laget denne festen saman med Nordhordlendingen. Men frå 1964 vart det heilt slutt med denne tradisjonen. I staden vart det eit meir uformelt julemøte i desember. Den tradisjonelle haustfesten kom og etter kvart bort. I staden vart det fleire kosemøte med kaffi og annan hygge. Særleg var dette tilfelle frå 1966 då laget fekk nytta Fensal ved sida av Gimle som møtestad. Det vart halde 2 møte for månaden, eit i Gimle og eit i Fensal. Det i Gimle med lettare program med tanke på at mange ville koma, medan det i Fensal vart lagt opp som hyggemøte, men ofte med godt program. Møta i Fensal drog ikkje mykje folk, 20—30 menneske, men dei som kom lika seg godt.



Frå 40-års jubileet 1959. Under den nye lagsfana: frå v: 1.form. i Søndhordlandslaget — B. Sørfonden, 1.form. i Sunnhordlandslaget — Olav Omvik, 6 formenn i Sunnhordlendingen — Sæbø, Brattebø, Utaaker, Holmedal, Ivarsøy og Hornenes.

Eigentlege fest-tilskipingar kom det stort sett til å bli ved høgtidlege høve, når ein skulle høgtide eit jubileum, når velfortente lagsfolk eller andre skulle ærast, eller når ein sunnhordlending hadde gjort ei bragd som det stod ry av landet over. Vi skal fortelja litt om nokre slike festar.

Den 14. mars 1959 heldt laget 40-årsjubileum på Symra, bortimot 50, særleg innbedne, var til stades. Lærar Leif Tungesvik var feststyrar. Magnus Hardeland las ein velskriven prolog. Ole Sæbø tala om lagsarbeidet i hans noko dramatiske formannstid og bad formannen, Erling Hornenes, avduka den nye fana for Sunnhordlendingen, måla av Magnus Hardeland. (Denne fana kan de sjå på omslaget til dette skriftet — det er frå jubileumsåret 10 år seinare — då Sunnhordlendingen skipa til Sunnhordlandsbryllup i festfylgjet i Bergen 17. mai): Festtalar var Ragnvald Vaage som tala om framvoksteren av det norske. Han nemnde Wergelands store arbeid i den lei og sa: «No sit Arnulf Øverland i Grotten, i Wergeland sitt hus, og dirigerer motstanden mot alt som er norsk. Når Henrik ikkje har banka i veggen til denne karen, skal ingen heretter få meg til å tru på skrymt». Sørfonden, som no var 85 år, gav ei levande oversyn over laget si soge på sin logne og morosame

måte. Etterpå var det friare og hyggeleg samvære til kl. 3 om natta, mest som i den fyrste tida.

Den 10. nov. 1960 vart det skipa til festmøte saman med Norhordlendingen under mottoet «For fulle segl». Bakgrunnen var ei kappsigling som hadde gått føre seg sommaren —60 mellom seglskip frå mange land — frå Ferder til Ostende. Heilt uventa vann «Statsråd Lehmkuhl» denne tevlinga i sin klasse. Kaptein Eivind Ottesen frå Stord førte skipet, og det var til ære for han at festen vart halden. Scena i Gimle var tilstelt med segl og fokker, taljer og tønner, alt for å illustrere ein siglande bark. Per Ivarsøy var vakthavande styrmann og presenterte kapteinen, som no var landskjend vorten. Hordakoret song friske songar, og forfattaren Johs. Heggland las ein prolog. Kaptein Ottesen tok så til orde og sa: «Det er ikkje så lett for meg å overta etter Johannes Heggland har tolka sine ord. Han pløyer så djupt han, eg får halda meg til overflata eg». Og så fortalde han om den spanande ferda, i kuling og stille, dag etter dag, til dei sigrande kunne sigle inn på hamna i Ostende, medan «Sørlandet» med premiane ombord enno låg og baska ute i Nordsjøen. Han var «ein forteljar av det lune og koselege slaget», og han hausta mykje fagning.

Den 31. okt. 1961 var det festmøte i Gimle til ære for Sørfonden fordi han hadde gjort opptaket til å reisa eit Håkonarminne på Fitjar og vore formann i den nemnda som greidde å få det reist. Salen var fylt av eldre og yngre medlemer som ville gjera ære på han. Han hadde for arbeidet sitt i denne saka fått Kongens fortenestemedalje i gull. Ordførar Peder Nilsen Aga, sambygding til Sørfonden, heldt festtalen og sa: «Når det regnar på presten, så dryp det på klokkaren». Sørfonden var presten og Fitjar var klokkaren. Sørfonden, den utflytta fitjarbuen, hadde med si store og lysande livsgjerning gjort ære på heimbygda si.

Den 11. jaunar 1964 var det 90-årsfest for Sørfonden på Scala. Vert var Per Ivarsøy. Mange tidlegare formenn helsa og hylla han. Magnus Hardeland hadde måla eit bilete av han som vart avduka av Petter Ersvær. Frå laget og tidlegare formenn fekk han ei tinnkrus i gåve. Og så heldt B. Sørfonden tale og takka for den æra som var vist han. Dette vart den siste talen han heldt i laget, han døydde om hausten same året.



Håkonarminne på Fitjar, avduka av H. M. Kong Olav V 18. juni 1961 ved 1000-årsminnet for Håkon den gode. Monumentet er laga av Anne Grimdalen. Foto Johs. H. Sekse.

Det siste av festmøta i denne bolken var vigd Konrad Lunde ved Valen sjukehus som no gjekk av som direktør. Det vart halde den 22. mars 1966 med Hjalmar Tvedt som feststyrar. Det var eit rikt program med hardingfelespel, prolog, song av Hordakoret, framsyning av leikarringen, opplesing av den dugande lærar og redaktør Conrad Clausen og fleire talar. Konrad Lunde hylla sunnhordlendingen for hans innsats i humanistisk arbeid, og Magnus Hardeland rosa Lunde for det arbeid han hadde gjort for sinnslidande her i landet og gav han ein flott vase som gåve frå laget.

Og med dette endar vi soga om Sunnhordlendingen i 50 år.

Arbeidet i særlaga har me ikkje teke noko med frå denne bolken, det fell naturleg å ta det med i avsnittet som kjem seinare i dette skriftet. Likeins ventar me med ei av dei viktigaste hendingane i laget si soge: kjøpet av lagshytta SUNNABU på Kvamskogen, som høyrer heime i denne tidsbolken, men som kjem under avsnittet SUNNABU, lenger ute i dette skriftet.

Lagssoga frå 1969 til 1979

Formenn dei 10 siste åra har vore: Olav K. Fjæra (1968—70) Åse Liv Tveita — no Hansen (1970—71), Willy Mjånes (1971—72), Solveig Vik — no Tronshaug (1972—73), Kåre Vierdal (1973—75), Svein Bua (1975—76), Anders Kåre Engevik (1976—77), Magnhild Arholm (1977—78), Margot Våge (1978—).

Denne tidbolken tek til eit jubileumsår og endar med eit nytt. Og dei aktivitetane som jubileumsførebuingar fører med seg «smittar» over på andre deler av lagsarbeidet. Underskrivne som var formann i 1969, fekk eit mykje lettare arbeid enn mange andre formenn — både før og etter, avdi så mange av dei som hadde vore aktive i laget før — kom med for fullt att i jubileumsåret i samband med både den eine og andre tilskipinga. Utan å gjere innstasen til dei andre mindre, vil eg særskilt nemne: Per Ivarsøy, Hjalmar Tvedt og Anders Valvatne. Ikkje berre var det dei 3 som utgjorde festnemnda til 50-års jubileet — dei gjorde alle eit verdfullt arbeid der, dei var og aktive på andre måtar i lagsarbeidet — ikkje minst var dei gode å ha for ein formann, som var urøynd i lagsarbeidet, når ein trong råd og rettleiing.

Om noverande formann Margot Våge er like nøgd med oss gamle gubbane, som no ved førebuingane til 60-års jubileet, blandar oss borti både det eine og andre, skal vere usagt.

Ser me på denne tidbolken under eitt, kan me ta fram fylgjande hovudpunkt:

— Lagsmøta har vore kjernen i lagsarbeidet,
— torsdagskveldane har vorte fast møtetid for laget, (med unnatak av nokre periodar har det anna kvar torsdag vorte skipa til lagsmøte, dei andre torsdagane har leikarringen hatt øving),
— me har fått fast møtestad i 4. høgda i Fensal — lagshuset til BUL, (av og til ved festar og ved tilskipingar i samarbeid med andre lag har me halde til i Gimle),
— me har fått lagskontor like ved møterommet i Fensal, (den tida me hadde lagskontor på Engen og veksla mellom å ha møte i Gimle og Fensal, var ei gild tid, men slik me har det no er meir praktisk),
— tradisjonen med haustfestar, som kom bort i 60-åra, har teke seg opp att, denne tilskipinga har vore årviss i denne tidbolken, (medlemer som har flytta heim til Sunnhordland har ofte funne vegen til Bergen til haustfesten),
— kvinnene har kome for fullt med i styret — mens det dei 50 fyrste åra berre var menn som vart valde til formenn har dei siste 10 åra gjeve 50% kvinnestyre, (og



Haustfest. Arne Onarheim og Kari Aarbakke svingar seg i dansen. Foto: Hans Heie.



Olav K. Fjæra
frå Fjæra i Åkrafjorden,
form.: 1968—70.



Åse Liv Tveita, (no Hansen)
frå Fitjar,
form.: 1970—71.



Willy Mjånes
frå Auklandshamn i Sveio,
form.: 1971—72.



Solveig Vik, (no Tronshaug)
frå Austevoll — no Stord,
form.: 1972—73.



Kåre Vierdal
frå Rød i Sveio,
form.: 1973—75.



Svein Bua
frå Bua i Sveio,
form.: 1975—76.



Anders Kåre Engevik
frå Sævareid i Fusa,
form.: 1976—77.



Magnhild Arholm
frå Utåker,
form.: 1977—78.



Margot Våge
frå Austevoll/Vik i Sogn,
form.: 1978—

Åse Liv, Solveig, Magnhild og Margot har styrt godt),

— samarbeidet med andre lag i Bergen har vore godt, såleis vart det i 1972—73 skipa til felles lagsmøte mellom Sunnfjordlaget, Sognalaget, Nordhordlendingen og Sunnhordlendingen, me har hatt gjestingar av medl. frå BUL, Ervingen og Fana Ungdomslag som har kome med program,

— kontakten med Sunnhordland har vorte teke i vare ved mange program om/frå landsdelen, ved føredragshaldarar og andre gjester frå Sunnhordland og ved at laget har skipa til utferder til mange Sunnhordlandsbygder, (spellaget vårt har såleis gjesta: Våge—Tysnes, Rekstern, Fitjar, Etne, Fjæra, Auklandshamn, Vinnesvågen og no i jubileumsåret har me mange bygder på reiseruta),

— lagsavisa SUNNAVIND har — med unnatak av nokre periodar — vorte sendt ut til medlemene føre alle lagsmøte,

— lagshytta SUNNABU på Kvamskogen har vorte utvida og har vore ein samlingstad for nye og gamle medlemer m/kjende,

— LEIKARRINGEN har arbeidd godt, har skipa til mange kurs i sunnhordlandspringar, vestlandsspringar, pols og gamaldans, mange nye medlemer har kome til laget på denne måten, (for nokre år sidan var slike kurs så populære at ikkje alle som ville fekk plass, men i dei siste åra har dette endra seg, så no har også leikarringen fått ein del vanskar),

— OLAV HELLAND har vore ein trugen og god spelemann i heile 10-årsbolken, (han har visst ikkje vore borte ein einaste torsdagskveld),

— SPELLAGET har sove litt inni mellom, men har no vakna til live att, og gjestar i desse dagar Sunnhordlandsbygder med revyen «DA STÅR TE LIV»,

— i SKYTTARLAGET kan ein framleis råka gamle og nye vener,

— GUBBELAGET har vorte skipa opp til fleire gonger, avdi me som er med der er så gamle og gløymskne at me gløymer at me allereide har skipa det.

Ser me på programma for lagsmøta, vil me finne at medlemene sjølve har vore svært aktive til å stå for programmet. Den programposten som oftast har hatt plass, er at einskildmedlemer med hjelp av lysbilete-/film har teke oss med til sin del av Sunnhordland. Så interessa for heimbygdene har ikkje vorte mindre i denne tidbolken. Og har me bede inn føredragshaldarar utanom laget, har me oftast fått personar frå/med tilknyting til Sunnhordland. Me kan såleis nemne at Peder Nilsen Aga og rektor Sigurd Sandvik heldt festtalane ved dei 2 jubileumstilskipingane me hadde i 1969. Forfattaren Johs. Heggland var festtalar ved ordførargildet me skipa til same år, han var og gjest og kåsør på haustfesten i —75.

Erling Vaage, som har skrive/skriv bygdebok for Kvinnherad og Johan Tufteland som har skrive bygdebok for Austevoll, har halde føredrag i laget om lokalsoge.

Av sunnhordlandsforfattarane har me alt nemnt Johs. Heggland. Conrad Clausen kåserte om Ragnvald Våge på den festen me skipa til for utsendingane til årsmøtet i Hordaland Ungdomslag i —69. I 1974 skipa me til Ragnvald Vaage-kveld med Per Olav Kaldestad som leiar og med Paul Kåre Gjuvsland, Inger Marie Hetland og Anders Kåre Engevik som aktørar.

Marta Omvik frå Omvikedalen fortalde og las opp frå Jens Tvedt sine bøker i —71.

Av dei yngre sunnhordlandsdiktarane har me hatt gleda av å fylgja 2 av dei frå starten av. Sigbjørn Heie frå Tysnes og Per Olav Kaldestad frå Husnes var mykje med i laget den tida dei var i Bergen. Stundom har me skipa til diktarkveldar, der dei har vore med båe samstundes, stundom har dei laga lyrikk-kveldar kvar for seg. Eingong framførde Sigbjørn Heie lyrikk saman med Vidar Høviskland som spela gitar og song, på haustfesten i 1974 las Per Olav Kaldestad



Lagsmøte. Etter programmet er det kaffi og lefser og rundstykkje og anna godt. Og rundt bordet går godpraten. Frå v: Geir Mehammar, Kari Aarbakke, Arne Onarheim, Solveig Vik, Inger Johanne Øyjorden, Anne Karin Lunde, Sigmund Myklevoll, Marit Håland. Kvifor ler dei så godt? Er det Sigmund som har sagt noko løye? Kvifor er Marit så alvorsam? Foto: Haugesunds Avis.

eigne dikt illustrert ved hjelp av balloptikon av Rolf Monsen.

Ingvar Moe frå Etne, har gjesta laget 2 gonger, ein gong saman med Stanley Jacobsen, og dei skal båe to vere med i programmet ved jubileumsfesten no i mars. Arnfinn Haga frå Stord har gjesta laget og fortalt om arbeidet sitt med å skrive om motstandsrørsla under krigen.

Likeins har Samuel Arholm frå Fitjar-/Utåker gjesta oss og lese opp eigne dikt. Me har og hatt gjesting av forfattarar andre stader i frå, professor Gunnar Aksnes, frå Kvam i Hardanger, har gjesta laget 2 goner og har kåsert og lese opp eigne dikt, (for nærare omtale av Gunnar Aksnes sjå under avsnittet om glimt frå lagsarbeidet 1978). Likeins har Rolf Sagen, som er fødd i Vadheim i Sogn, og som i oppveksten har budd mange stader på Vestlandet, mellom anna i Sævareid i Fusa og på Askøy, der han bur no, gjesta laget og hadde føredrag om boka: VESTLANDSDIKTARAR, som kom som Orionbok på Det Norske Samlaget 1978.

Av andre emne som har vore oppe på lagsmøta, kan me nemne:

— Eivind Buanes kåserte om stadnamn og stadnamngransking, (1976),
— Johs. Antun fortalde om folkedansen si soge, (-69),
— Marta Omvik fortalde og synte fram sunnhordlandsbunader, (-77),
— Arthur Berg kåserte over emnet: kan intelligens målast?, (-69),
— Eigil Lehman kåserte om musikk og notesystem, (-69),
— Mikael Heldal hadde program om naturvernåret i 1970, (i referatet frå dette møtet står det mellom anna: «... han utmåla ikkje særleg lyse framtidsutsikter for oss...»),
— Brannsjef i Bergen Toralf Moe, fortalde

om spanande opplevingar i brannmannsyrket, (71),
— Sigmund Myklevoll fortalde og synte lysbilete frå ferdene sine i Afrika, (-73),
— Anders Kåre Engevik kåserte om «Ovtru og anna tru» — han fortalde om hekseri, heksebrenning og svartebøker i gamal tid, (-72),
— Odd Horsdal synte lysbilete og fortalde frå Svalbard, (-74),
— Anders Kåre Engevik fortalde og synte lysbilete frå ei reise til Sibir, (-76),
— Geir Henning Matre: Titos Jugoslavia. Han fortalde og synte lysbilete frå det halve året han hadde budd og arbeidd ved den norske helsetenesta der, (-77),
— Wilhelm Waage kåserte om bygdeorginalar og anna bra folk, (-69),
— Svein Træland frå Bergen Turlag synte lysbilete og fortalde om Aurlandsdalen og Stølsheimen, (-71),
— Trond Solstad og Gunnar Stubseid frå lærarskulen framførde: «FANITULLEN» i ord og tonar, (-71),
— Inger Marie Hetland song og las Jakop Sande viser, (i referatet frå dette møtet står det: «Ho er eit funn, denne jenta!»),
— I kvinneåret -75 hadde me gjesting av visegruppa: «Kjerringrokk» frå lærarskulen,
— I skotåret -76 hadde me gjesting av visegruppa «Askeladden», som mellom anna song friarviser i ulike utgåver, (i referatet frå dette møtet står det: «...og no har sunnhordlandsjentene lært seg nye «smeikjeord» til dei skal «gå på tusko»),
— lektor Tore Lund fortalde og synte lysbilete frå eit studieopphald i Jerusalem, (-76),
— Fana Ungdomslag synte fram Fanaspringar, (-77),
— Fana Folkehøgskule synte fram spelstykket: «Om desse steinane tala», av Ola Jonsmoen, (-77),
— Bjørn Bergflødt frå Havforskningsinstituttet fortalde og synte film frå tokter i ishavet, (-77),
— tryllekunstnaren Atle Larsen synte kunstene sine (-70),



Skotårsdagen 1972 var det jentefest. Her framfører dei ei sjølvlaga vise. Frå v: Gunnbjørg, Niffe, Marit, Ingeborg. Foto: Willy Mjånes.

— Bjørn Erik Jensen: tussefløyte, (-70),
— Fyllingsdalen Husmorlag gjesta oss med song og musikk og godt humør, (-72),
— omvisning på Akavriet og Havforskningsinstituttet ved Kåre Lauvås og Sigmund Myklevoll, (-72),
— dramagruppe frå BUL synte spelstykket «Georg sit du godt?» av Einar Økland, (-78).

Og slik kunne me halde på å rekne opp. Me ser det er eit stort spekter av emne som har vore oppe. Over halvparten av dei som er nemnde ovanfor er anten medlemer eller har annan tilknyting til Sunnhordland. Av medlemene er det Anders Kåre Engevik som oftast har hatt program det siste 10-året. Han har eit rikt og variert felt å henta stoff frå, me kan nemne:

— kåseri m/lysbilete om dampbåtane på Bjørnefjorden, (-75),
— føredrag m/lysbilete frå ei reise til Frankrike, Monaco, Austerrike og Sveits, (-77),
— føredrag m/lysbilete frå ei Islandsferd, (-78),
— kåseri om bønder, prestar og embedsmenn i Sunnhordland for 250 år sidan, (-75).



Stanley Jacobsen og Gunnbjørg Skålevik på Sunnabu. Foto: Willy Mjånes.

Etter Anders Kåre er det: Kjell Matre, Sigmund Myklevoll, Willy Mjånes, Lars Olav Tveita og underskrivne som oftast har fått sleppe til med program. Kjell Matre med film frå Sunnabu, utferder som laget har skipa til o.l. Sigmund Myklevoll har oftast teke oss med på tokter han har vore på i samband med yrket sitt som havforskar, fleire gonger har han synt film frå «bloddryppande scenar frå haifiske». Han har og halde seg til meir nærliggjande emne og kåsert om «den tio eg var ung, beskjeden hybelbuar i Bergen». Willy Mjånes har kåsert over ulike tema, lese opp dikt og framført eigne prologar. Lars Olav Tveit har teke oss med på turar til Jotunheimen og Finnmarksvidda, kåseri m/lysbilete o.l. Underskrivne har som regel synt filmen «Livet i Fjæra», film og lysbilete frå andre Sunnhordlandsbygder og Sunnfjord og ikkje å forgløyme lysbileta frå den store landnåmsfesten på Thingvellir — Island frå 1974, (islandsfilmen har ikkje vore synt i Sunnhordl. enno).

Hans Heie har og ofte sytt for program, han har skipa til tevlingar av ulikt slag.

Visesongarar har laget hatt mange av. Me kan sitere frå ref. frå lagsmøtet 25/2 -71: «Denne kvelden dukka det opp ein ny komet eller kanskje vi heller bør kalla det ei stjerne, på den frå før så stjernestrødde sunnhordlendinghimmelen. Stanley Jacobsen var namnet, og såvel karen sjølv som røysta og gitaren hans fekk laget både denne kvelden og seinare mykje glede av». Willy Mjånes, som har skrive dette referatet, vart sannspådd, Stanley var ei stjerne som no er landskjend. Han var aktivt med i laget, på lagsmøte og utferder som spellaget skipa til, så lenge han var i Bergen. Og han har ikkje gløymt Sunnhordlendingen no heller. Han har gjesta oss og kjem som nemnt att til jubileet i mars.

Frå 1973 fekk me ei ny songstjerne, Inger Marie Hetland frå Ølensvåg, ho var aktivt med på lagsmøte, utferder som spellaget skipa til o.l. Å syngje viser kunne ho, lese opp dikt gjorde ho også. Og einaste gongen Sunnhordlendingen har vore omtala i TV var når Inger Marie, var sommargjest i eit program 1974, song om STRATTANE og fortalde om strattane i laget.

Både Stanley og Inger Marie er reiste frå Bergen for fleire år sidan. Men visesongartradisjonen held seg i laget, og no har me



Inger Marie Hetland på lagsmøte i Fensal. Foto: Hans Heie.

fått ein ny songar, Jimmy Næs frå Rosendal. Og han er ikkje berre flink til å syngje, han lagar såvel tekst som melodi til visene sine. Når Sunnhordl. no i jubileumsåret har greidd å få til ein revy, som me gjestar Sunnhordlandsbygder med, er det han som skal ha hovudæra for det, Med tid og stunder vil han nok kome like langt som Stanley og Inger Marie, dersom han ynskjer å halde fram med visesongen sin. Og han.er ikkje berre aktivt med i revy og anna program, han er nestformann i laget og gjer sin del av den sida av lagsarbeidet også. Så med tanke på formann Margot Våge, nest.formann Jimmy Næs og dei andre som er aktivt med i lagsarbeidet i dag, så kan me konkludere at «DA STÅR TE LIV» i Sunnhordlendingen. Sjølv om me har hatt litt vanskar med økonomien, så har me andre ressursar — aktive og flinke medlemer — og det er mykje meir verdt enn pengar.

Olav K. Fjæra.

Glimt frå lagsarbeidet dei siste 10 åra slik formennene minnest det:

Jubileumsåret -69. Det var eit interessant år å vera formann i. Som nemnt var mange av dei som hadde vore aktive i laget før flinke til å hjelpa til. Jubileumsmøtet i Gimle og jubileumsfesten på Hotell Hordaheimen, var gilde tilskipingar, som eg minnest med glede. Det var jubileumsnemnda med formann Per Ivarsøy i spissen som la opp desse, me som var i styret i laget trong ikkje å gjere anna enn å vere med. Einaste oppgåva eg hadde under jubileumsfesten var å realisere eit samrøystes styrevedtak om å utnemne Per Ivarsøy som heidersmedlem i laget, den 3. i rekkja, for heilhjarta innsats for laget i mange år. Og det var ei oppgåve eg utførde med glede. Ei anna interessant oppgåve våren -69, var å vera vertslag for årsmøtet til Hordaland Ungdomslag, som vart halde i Bergen. I samband med dette skipa me til festmøte i Gimle for utsendingane til årsmøtet og andre bygdefolk i



Heidersmedlem Per Ivarsøy. Foto: OKF.

Bergen. Til festtalar skulle me ha den kjende folkeminnesamlar og lærar Haldor O. Opedal frå Ullensvang, men han vart diverre sjuk, så på kort varsel måtte me få tak i ein ny. Rektor Kristian Bakke ved Fana



folkehøgskule tok på seg denne oppgåva, og greidde det godt. Både til jubileumsmøtet i mars og denne festen i april hadde me gjesting av den unge musikaren Jon Arne Markhus — frå Markhus, som sytte for god trekkspelmusikk — både til å høyra på og dansa etter.

Sidan me hadde jubielum fekk me og til eit ekstrainnslag i festfylgjet i Bergen 17. mai. Då skipa me til eit sunnhordlandsbryllup med Åse Liv Tveita frå Fitjar og Arne Onarheim frå Onarheim — Tysnes som «brurfolk». Primus motor for dette tiltaket var Hjalmar Tvedt, som då var bygdelaga sin representant i 17. mai-komiteen i Bergen. God hjelp fekk me også av Marta Omvik, som gav råd og rettleiing om bunader og utstyr. (Det er dette bryllupet som er på omslaget til dette skriftet). (Åse Liv og Arne «måtte» gifta seg denne dagen, fordi me trong eit brudepar. Etter festfylgjet var ferdig, marsjete me til Hordaheimen til «bryllupsmiddag», etter på skildes me — «brurfolket» også, nå er dei lukkeleg gift på kvar sin kant).

På haustfesten dette året, skulle stortingsmann Tor Myklebust vera festtalar, men p.g.a. ei misstyding, som underskrivne må ta på seg, kom han ikkje. Det såg spøkje ut for heile festen, men Petter Tjelle, som skulle fortelje stubbar og syngje viser, ordna



Olaguten på veg til Folgefonno for å ta opp film til å vise i Sunnhordlendingen. Foto: Nils Rullestad.



Åse Liv som sunnhordlandsbrur i festfylgjet i Bergen 17-mai -69. Brugom er Arne Onarheim. I ytterste rekkja frå v.: Marta Omvik, Solbjørg Tveita, Atle Vikøyr, Ole Tveita, x, Hermann Olsen. I innerste rekkja frå v: Gunnbjørg Skålevik, Ole Johan Nøstbakken. Foto: Tore Wiig.

opp, ved sida av det andre var han festtalar og, det greidde han godt. (Han gjesta oss nokre år seinare også, på ein 17. maifest me skipa til saman med dei andre laga med i Bygdelagsnemndi i Bergen, me hadde mykje moro då og.)

Denne hausten skipa me til «ordførargilde» i Gimle mens fylkestinget var samla i Bergen. Desse ordfæraranre/varordf. møtte: Simon L. Rasmussen frå Sveio, Magnus Haugland frå Ølen, Ingvald Gravlesæter frå Etne, Berge Seberg og Ingvald Skålnes frå Kvinnherad, Knut Rydland frå Fitjar og Johannes Heggland frå Tysnes, sistnemnde var festtalar. Til å hejlpa oss med programmet, hadde me: Sigbjørn Bernhoft Osa og Salhuskvintetten, så det var ikkje stusseleg i Gimle den kvelden. Det vart og litt diskusjon med ordførarne, dei var i godt humør og lika seg visst svært godt blandt bygdefolk i Bergen. Gravelsæter helsa laget på vegne av dei andre ordførarane.

Jolegilde skipa me til dette året også, og dermed var det slutt med eit annsamt, men gildt jubileumsår. På årsmøtet i februar sa eg takk for meg som formann, og me fekk den fyrste kvinnelege formannen i laget si 50-årige soge, Åse Liv. Til slutt vil eg berre få takke styret det året for godt samarbeid og mange gilde stunder på lagskontoret, lagsmøte, festar, utferder (om dei står det under

spellaget) og anna me fann på. Inge M. Helland var nestformann og var flink til å få pengar i lagskassa ved å skipa til dansekveldar i Gimle, kassastyrar var Bjørg Tronshaug — som skifte namn til Nøstbakken, Åse Liv Tveita var skrivar og Frode Knutsen var styremedlem.

Beste helsing: Olaguten

1970.

Å bli vald til formann for Sunnhordlendingen, var ikkje i tankane mine då eg gjekk på årsmøtet. Det kom så overraskande på meg at eg ikkje greidde å forsvara meg og visste ikkje ordet av det før eg sat der som formann. Men i den tida var det berre hjelpsomme medlemer og det var fullt hus på lagskontoret kvar gong me skulle gjera noko. Om våren er det alltid kjekt å koma seg ut frå byen, og då spellaget var klar med spelstykket: «Kallane i Oladalen», gjorde medlemene seg klar til å vera med på turneen, mangla ikkje ei hjelpande hand då.

Ein av plassane me vitja var Vinnesvåg, og den trafikken det av og til kan vera til ferjestadene, gjorde at spelemennene våre ikkje nådde siste ferja som gjekk til Austevoll. Me hadde i lysinga sagt at det skulle vera dans etter spelstykket, så den ferjeturen gjekk med til å diskutera kva me no skulle gjera. Heldigvis hadde dei ein handelsmann i Vinnesvåg som spela trekkspel og han lova å hjelpa oss. Men midt i framsyninga av spelstykket, kom 3 glade musikkantar inn døra. Då hadde dei reist til Sandvikvåg med ferja og teke ekstrabåt derifrå, for fram skulle dei. Ja, det blei ein vellukka kveld, sjølv om det såg mørkt ut i byrjinga.

Me var også ein tur til Solheim i Masfjorden. På ferja innover underheldt me med songdansar, noko både medpassasjerar og mannskap ombord likte godt. Bygdefolket møtte godt fram og kvelden blei vellukka på alle måtar. Etter at dansen var ferdig, rydda sunnhordlendingane salen, for der skulle me liggja om natta. Både Kåre og Frode var i sitt — ESS den kvelden, så dei underheldt om natta for dei som ikkje ville sova. Om morgonen vakna formannen av at ho svevde gjennom lufta, (eg låg på ei solseng). Då var det nokre luringar som hadde funne ut at det var betre å liggja ute på ei slik seng. Senga blei ikkje sett ned utafor huset, men langt oppi ein haug, og då kleda mine låg att inne, var det visse vanskar med å koma seg ut av soveposen den morgonen, men den episoden enda også godt. Ellers gjekk året med lagsmøte og dansar og myke moro.

Helsing: Åse Liv.

«Endå ein gong fekkk eg . . . Årsmelding 1971»

Med omsyn til lagsarbeidet hende det lite nytt i 1971. Medlemsmøta på torsdagskveldane var som før samlingspunktet vårt. I særlaga gjekk arbeidet stort sett som tidlegare sjølv om spellaget så smått tok til å merka dei problema som sidan i 70-åra har gjort at dette arbeidet delvis har lege nede. Det var vanskar med å finna folk som var viljuge til eller som kunne binda så mykje av fritida til lagsarbeid som dette særlaget på sett og vis kravde. Det synte seg også vanskeleg å finna instruktørar, og framfor alt nytt stoff til framsyning. Mange tok til å kjenna det som om dei gamle bondekomediene langt på veg



Willy tek ofte turen heim, her er det seinsommardag i Auklandshamn 1971.

hadde mista aktualitet, og lite nytt vart skrive. I alle høve var det lite nytt stoff for rein amatørteaterverksemd. Viktigast av det som hende innan lagsarbeidet dette året, galdt på sett og vis økonomien. 1971 vart året då ei vanleg dansetilskiping ein laurdagskveld ikkje lenger var eit tevleført fritidstilbod i Bergen. For eit lag som langt på veg hadde basert arbeidet sitt økonomisk på slike tilskipingar, oppsto det snart vanskar. Vi laut ta større økonomiske omsyn ved val av program på møta torsdagskvelden. Resultatet var mindre kvalitet på desse møta og tilbakegang i talet på møtedeltakarar.

Tru likevel ikkje at det var tungsinn som etter kvart prega oss i 1971. Moroen og humoren blømde som aldri før, særleg den vi laga sjølve og som var gratis. Radarparet Oddvar Haugsbakk og Stanley Jacobsen var stadig på farten. Over alt der lagsfolk møttest, på Sunnabu likesåvel som 4. høgda i Fensal, eller i mindre fora som «husmøte» av ulike slag, prega dei meir enn ein gong samkomene, alltid ei oppkome av meir eller mindre (oftast meir) sprøe innfall. At dei både hadde røyst for meir enn tale og ofte vart sett saman med ein gitar, var det ingen som var leie for.



...og så levde dei lukkeleg alle dagar... frå den store gifteria 1971/72. Her er det Solbjørg Tveita og Sigurd Heggelund som «siglar i hamn». Foto: Willy Mjånes.

Elles vart laget heimsøkt av ei pest som heitte giftegalskap dette året. Kor mange lagsfolk som fekk banen sin av Amor med pilene, må gudane vita (sidan eg ikkje veit), men tapsprosenten for laget vart etter kvart urovekkjande høg. Frå sommarsleitet 1971, og utover i 1972, sigla dei i hamn ein for ein (eller var det to og to?). Berre dei mest forherda kom umerkte gjennom denne ria.

Kva eg minnest best frå formannsåret? Om de spurde meg visste eg ikkje kva eg skulle svara, ja reint bortsett frå at du aldri hadde fritidsproblem då. Det er i grunnen utruleg mange minne som renn meg i hug, alle lyse og glade. Våren 1971 var Sunnhordlendingen med på å skipa Det internasjonale folkedansgildet i Bergen. Dette var eit storhende, og mange ting hugsar eg frå det. Likeeins fekk eg gleda av å representera Sunnhordlendingen ved Nordhordlendingen si jubileumsfeiring dette året. Det var ei hyggjestund eg minnest. På same vis står teaterkveldane saman med andre lagslemer for meg som noko særskilt verdfullt. Likevel, det er nok minne frå Sunnabu som sit best, og som truleg vil leva lengst. Ei lita soge derfrå tykkjer eg difor vil vera på sin plass nå til slutt. Den fortel noko om både lynne og tonen i laget tykkjer eg. Dei som måtte kjenna seg att vil eg tru ber over med meg: Det var på vårparten, like før påske om eg ikkje mishugsar meg. Saman med ein del andre lagslemer hadde eg reist opp til hytta vår fredagskvelden. Som så ofte er når sunnhordar kjem på Skogen, så vart vi sørgjeleg tyrste denne kvelden. Såg vi godt etter i sekkene våre synte det seg til all lukke at heilt fri for Hansaprodukt var dei no ikkje (sjølv om mengdene faktisk var små).

Rett nok var dråpane berekna for konsum første kvelden etter, men kva gjer ein ikkje for å halda tyrsten borte, og eit lite glas kvar hadde vi då råd til eller . . .? Det som sidan hende får nok spelegalskapen ta skulda for, Amerikanar var då som no populært på Sunnabu. Før vi visste ordet av var dei stakkars flaskene våre tome. (Ingen skjønar den dag i dag kven som drakk dei). Ulukka var eit fak-



Willy kontrollerer varene som kjem til Sunnabu. Foto: Ingeborg Mjånes.

tum, laurdagskvelden var spolert og helga ville berre bli eit hol i kalenderen.

Etter ei god natts søvn vakna vi likevel opp med ein viss optimisme. Kunne noko gjerast? Jau, no synte tiltaket i sunnhordane seg frå den rette sida att. Ein av lagslemene visste råd, ei av jentene våre skulle koma oppover om ettermiddagen då ho var i arbeid denne laurdagen. Kunne vi ringe henne og be . .?Som tenkt så gjort. To mann sette seg straks i sving med å finna ein telefon, medan vi andre gjorde klart til å erobra Kvitingen. Følgjande telefonsamtale gjekk straks etter på lina: Vår utsende: «Hallo? Er det . . .? Ja, du forstår vi har hatt ei ulukke her oppe. Det vart stille i andre enden av lina før ei skræmd jenterøyst tok mot til seg, kasta seg ut i det og spurde: «Ka' e' det som har hendt?». Nølande som han lette etter ord for å gjera det heile så skånsamt som mogeleg, heldt vår utsende fram: «Jo-o du ser . . . du forstår . . . eh . . . vi har sluppe opp for pils».

Kva som hende i andre enden av tråden nett då? Nei, det veit eg ikkje, men det veit eg at vi fekk berre halvparten av tinginga.

Med helsing
Willy Mjånes

1972

Eg fekk anmoding om å skriva ned dei viktigaste hendingane i mi formannstid, men etter det eg kan hugsa, skjedde det ikkje noko særs viktig det året. (Her er form. Solveig noko beskjeden, av årsmeldinga for -72 kan me lese: 12 lagsmøte i samarbeid med Nordfjordlaget, Sunnfjordlaget, Sognalaget og Nordhordlendingen, 6 interne lagsmøte, skotårsfest, (skjedde det ikkje noko viktig der?), vitjing på Havforskningsinstituttet, vårfest, haustfest, fotballkamp, julegilde, 17 dansetilskipingar m.m. — (red. sine tankar). . . . Og eg må vel erkjenna at det var mykje min feil og, for eg var ikkje, og ville ikkje vere nokon formann for laget, og eg gav beskjed om det. Men med mykje støtte frå nestformannen, Sigurd Heggelund, kom me nokolunde gjennom den tida og.

Eg for min del var mest oppteken med teaterlaget, men fekk jo lita tid til det og då eg fekk formannsjobben, så eg må vel erkjenna at frå mi side skjedde det ikkje noko positivt det året.

Ellers minnast eg mi tid i Sunnhordlendingen med glede og ville ikkje unnvore den. Både turane til SUNNABU, teaterturnear og diverse tilstelningar som eg med glede tok del i. Og eg og min mann, (Kåre Tronshaug frå Fitjar — red. s. anm.), som eg jo sjølvsagt møtte gjennom laget, vonar me får vera med på jubileumsfesten.

Stord 26/11 -78.

Solveig (Vik) Tronshaug



Solveig på Kvitingen, mars -71. Frå v: Sigurd Heggelund, Solveig, x, Stanley Jacobsen. Foto: Willy Mjånes.



Formannen Kåre leiar styremøte. Foto: Hans Heie.

1973—74
Nokre tankar attende

I den tida eg var formann i laget skreiv eg til vanleg ei spalte i SUNNAVIND, kvar gong Sigmund og hans stab fekk si månadlege, uimotståelege skrivekløe. Sunnavind var på den tid til stor hjelp for laget. Det var eit bindelekk mellom gamle og nye medlemer. Sunnavind blei meir og meir brukt til lysningsblad for tilskipingane våre. Dette tente laget på økonomisk, fordi utgiftene til lysning i dagspressa blei sterkt redusert. Når ein tenkjer attende er det oftast det positive ein hugsar best. Blandt det positive i mi formannstid var ein sterk auke i medlemstalet. Det første året hadde vi eit medlemstal som kanskje var det lågaste i laget si nyare tid. Med heilhjarta innsats frå alle lagsmedlem fekk vi ein sterk auke det siste året, slik at vi hadde opp imot rekordtal. Gamaldansen hadde si blømingstid, og dei mange gamaldanskursa vi skipa til, var nok ein medverkande årsak til framgang. Sjølv om medlemene også på andre måtar freista å gjera ein heilhjarta innsats for å auka medlemstalet, fekk nok ikkje det dei same verknadene — i alle fall ikkje på kort sikt. Eg tenkjer spesielt på det Sigmund antyda i Sunnavind då eg var så heldig å få ei datter. Han skreiv: «Medlemstalet i laget er sikra. Formannen har med god hjelp av kona fått ei dotter».

Det er mange hende ein kunne skrive om frå dei 2 åra eg var formann i laget. Det er då heller ikkje dei einskilde hendingane som er viktigast å minnast, men summen av det heile, kameratskapen — samholdet — likskapen — miljøet — ein stad å gå — nye vener — og for somme (rett mange) den store kjærleiken. Det ein minnest er nokre av dei beste augneblink i ein glad ungdom som for dei fleste av oss ikkje ligg så langt borte, men som fjernar seg litt for kvar dag og minnene med det, men «summen» har ein i seg — verdien av å ha deltatt i lagsarbeid i Sunnhordlendingen vil alltid vera der.

Av denne grunn vil eg ynskje laget ei lys framtid og at flest mogeleg av dei unge som kjem frå Sunnhordlandsbygdene gjer seg nytte av laget. Eg ynskjer såleis at mitt beskjedne forsøk i 1973 med å sikra laget nye medlemer i tilfelle ikkje skal vera forgjeves. Eg helsar med dette Sunnhordlendingen på 60-års dagen og ynskjer laget lykke til vidare.

Stavanger 3/2 -79.

Kåre Vierdal

1975

Formann dette året var Svein Bua. Han reiste frå oss ved juletider -76, fyrst til NTH i Trondheim for å forska vidare, og nå er han blitt Sunnhordlending, sjølv om han ikkje er reist heilt heim enno, kan han sjå over til heimlege trakter frå Stord. Han er tilsett i Sunnhordland Kraftlag, og dei har tappa så mykje kraft av han at han ikkje har hatt tid til å skrive til oss. (Me har til gjengjeld tappa pengar av Sunnhordland Kraftlag ved å søkje 2 gonger om tilskot til dette skriftet — og me fekk løyvingar på begge og attpå til sende direktøren Vatne pengar for eiga rekning. Så dei må setja pris på den «gamle» formannen vår der nede).

Av årsmeldinga for 1975 ser me at det har vore skipa til 13 lagsmøte, 17. maifest på Sunnabu, avslutningsfest (før sommarferien



Jolegilde i Fensal. Formann Svein overrekkjer blomar til herr og fru Bremnes, vaktm. i Fensal. Foto: Hans Heie.

på Sunnfjordheimen, (han likte seg visst der hjå sunnfjordingane Svein, Olagut b.merk), haustfest med verdenspremiere på eit spelstykke der formann Svein spela ei av hovudrollene og med julemøte som avslutning. Av årsmeldinga for serlaga kan me lesa oss til at gubbelaget er skipa — for andre gong, (eller var det tredje?).

Av andre ting som var på tapetet det året minnest eg, som må minnast på vegne av Svein, at me var ein del medlemr i laget som var heime hjå formannen og hjelpte han med å tapetsere. Korleis det gjekk vil eg venta med å fortelja till 100-årsskriftet i 2019.

Med seg i styret hadde Svein: Lars Sigurd Valvatne, nestform., Magnhild Hollund, kassastyrar, Kari Aarbakke, skrivar, Anders Kåre Engevik, styremedlem. Sistnemnde overtok som formann.

OKF.

1976

«Sunnhordlendingen» rundar 60 år i år. Sjølv kan eg også feira eit aldri så lite jubileum i den samanhangen. Det er ti år sidan eg vart sunnhordlending for alvor. Ja, no må de ikkje mistyda meg. Me på nordsida av Bjørnefjorden høyrer no eigentleg til Midthordland. Men Sunnhordland er likevel ikkje lenger unna enn at me kan følgja godt med i alt tysnesingane tek seg føre, særleg når me har klårver og ein god kikkert til hjelp. — Dessutan var mine heimtrakter i gamal tid ein del av Sunnhordland, og laget i Bergen har dei seinare åra synt stor toleranse med omsyn til rekruttering. Vilkårlege sorenskrivargrenser tel ikkje lenger.

Første gongen eg sette mine bein mellom sunnhordar i byen, var etter ein intens propagandaframstøyt frå formannen som då var, Olav Fjæra. Laget hadde ei bløming stid den gongen. Slik lagsaktivitet er godt å ha som føredøme, men det er ikkje lett å nå slike mål. Dei første åra såg eg meg best tent med å vera passiv og oppleva den uforpliktande hyggja i laget. Men turen kom og til dei nye. Alle må før eller seinare ta si tørn, skal alt sviva.

Det står kvinner bak alt; så og bakom mitt formannsverv i laget. Det var fruktene — bokstaveleg tala — av Magnhild Arholm sine overteljings- og kjøkenkunstar som avgjorde den saka. Det gjekk såleis til:

Seinhaustes 1974 hadde valnemnda, med Magnhild i spissen, sirkla meg inn som kandidat. Eg hadde då vore med i styret ei tid, men nett dette gjorde at eg såg på formannsvervet som ei skræmeleg arbeidsbør. — Kvelden 27. november 1974 kom med kulingbyger og iskald valleslette over Fyllingsdalen. Men dette gjorde heimehyggja hjå forkvinna i valnemnda endå sterkare. Lun varme, levande ljos og ein ange av nybakte rundstykke med rørde bringebær. — Retteleg stemning for overteljingar!



Det står kvinner bak alt. Alt ditta har Magnhild baka for å . . . . . Foto: Hans Heie.

Etter ti rundstykke var eg likevel ikkje verre faren enn at eg klarde å vri meg unna formannsvervet for komande år. Men etter nokre ekstra koppar sjokolade seig ørvæna på, og den lagnadstunge lovnaden var bråtт ute or min munn: «- - - vil ikkje nekta val neste gong».

Dermed var det gjort. Frå februar 1976 sat eg med formannsklubba. «Urøynde toskar går lett i garnet», var min eigen kommentar i «Sunnanvind».

Men eg har for vane å overdriva. Det heile gjekk mykje lettare enn eg hadde drøymt om. Takka vere føregjengaren min, Svein Bua, kom eg snøgt inn i arbeidet. Dei andre styremedlemene var og til god hjelp. Det gjekk greitt å dela arbeidsoppgåvene. Året eg hadde kvidd meg for, vart ei hugnadsam og lærerik tid.

Lagsarbeidet hadde nokre bløмingsår på dei tider. I 1976 opplevde Sunnhordlendingen ein medlemsauke me må eit stykke attende i lagssoga for å finne maken til. Ved nyår 1976/77 var medlemstalet oppe i 129, og det er nesten rekord. Dette er nok først og fremst innsatsen frå leikarringen å takka. Gamaldanskurset deira samla mykje folk, og ein intens vervekampanje på kurset gjorde sunnhordar av dei fleste deltakarane. Dette skapte og liv på lagsmøta. Sjeldan har eg opplevd dansegolvet så tettpakka som i dei dagar. Det var sjølvsagt til god hjelp at gamaldanskurset gjekk føre seg i Fensal kort før lagsmøta tok til. Nye interesserte hadde såleis berre eit par trapper å gå, om dei ville vera med i Sunnhordlendingen.



Anders Kåre er ein aktiv kar. No skriv han bygdebok for Os. Men han har ikkje gløymt Sunnhordlendingen, her har han rosemåla eit fat til jubileumsutloddinga til laget. Foto: OKF.

Men skal medlemane trivast og verta verande i laget, må møta by på meir enn berre kaffi og dans. Underhaldning må og til; helst noko for alle smaksretningar. Me var heldige såleis i 1976, jamvel om programmet nokre gonger måtte improviserast, og formannen vart lett stressa av den grunn.

Programtilbodet femnde om mykje; frå lyrikk, viser og musikk — til drama. To gonger hadde me vitjing av sunnhordlandsdiktarar. 1. mai kom Ingvar Moe, og i september Per Olav Kaldestad og Sigbjørn Heie. Songgruppa «Hercules» frå Bergen lærarskule var med og kasta glans over julegrautfesten. — Det var lova mandel i julegrauten den kvelden, med premi for den som fann mandelen. Om det var denne lovnaden eller «Hercules» som lokka heile 94 sunnhordar til Fensal, skal vera usagt. I alle høve vart det eit vonbrot med mandelen. Folket vart mette alt for tidleg og mandelen vart liggjande att djupt på grytebotn hjå kokkene — som sjølvsagt fekk premien på deling.

Det er vel og bra å fôra folk med program. Betre er det om dei er aktivt med. — Innsatsen frå eigne krefter var ikkje å klaga på i mi formannstid. Hytta vår, «Sunnabu», vart utvida det året, og det kunne trengjast. Ho er stadig like omtykt som samlingsstad for lagsfolket, og dugnadsarbeidet gjekk med liv og lyst.

På eit lagsmøte i mars slo gubbelaget til med politisk brennaktuelt spelstykke om «Folgefonntunnel eller Åkrafjordveg». Elles var både Olav Fjæra og Willy Mjånes gode å ty til når det galdt hugnadsame programinnslag.

Høgdepunktet det året var likevel haustfesten, då syrgjespelet «Sonen» vart uroppført. Spellaget hadde lagd heile si sunnhord-

landske sjel i stykket. Både dei og forfattaren — vår eigen Olav Fjæra — hausta stor fagning. Det gjorde og den nye «stjerna» som vart fødd under dramaet.

Men same kor mange velviljuge sjeler som sa ja på spurnad om underhaldning, kom likevel formannen i den stoda at han sjølv laut til pers med eit programinnslag. Resultatet av manglande innsats for å skaffa fullgod underhaldning straffar seg alltid. (Dette til åtvaring for komande formenn eller — kvinner!) Men lysbilete frå ein tur til Bresjnevs Sibir fall i god smak likevel. — No har dåverande formann som fast årleg oppgåve å reisa ein sumartur og fotografera det han opplever. Sunnhordane skal ha eitt nytt emne presentert kvar haust.

Soleis har eg halde kontakten med laget ved like, og det har alltid vore hugnadsamt. Sunnhordlendingen er stadig like ungdommeleg, jamvel om han kan skranta litt imellom. No nærmar han seg pensjonsalderen, men lat oss tru han yngjest opp med åra, slik at han aldri kjem på trygda.

Helsing Anders Kåre.



Haustfest. Magnhild syng viser. Foto: Lars Sigurd Valvatne.

1977

Formann dette året var Magnhild Arholm. Ho har hatt så mykje å gjera at ho ikkje har fått tid til å skrive for oss. Av årsmeldinga kan me lese: 15 lagsmøte, haustfest der Torunn Aarre frå Skånevik framførde ein velskriven prolog, Victor Krüger heldt festtalen og 4 medl. frå BUL synte skodespel av Einar Økland, samt middag, kaffi, leik og dans. — 80 festdeltakarar.

Så må me ikkje gløyma: tur til Auklandshamn—Sveio, der det vart skipa til fest saman med ungdomslaget, også dette året var Sunnhordlendingen med i fotballturnering med dei andre bygdelaga i Bergen med påfylgjande nederlag og deretter påfylgjande målfest, der dei som tapte også fekk vera med. Det tradisjonelle jolemøtet m/jolegraut avslutta året. Med seg i styret hadde Magnhild: nestform. John-Arne Slåke, kassast. Geir Henning Matre, skrivar, Astrid Hildal, styremedl., Kristi Skår, varam. Harald Aarbakke.

På årsmøtet takka Magnhild for seg som formann, og ei ny jente overtok, Margot Våge versågod — ordet er ditt.

OKF.

1978

Formannsvervet fekk eg heilt uventa på årsmøtet. Det har vorte eit interessant og lærerikt år for meg. Arbeidet mitt har mykje vore å finna ut korleis laget fungerar og har fungert. Idéane i arbeidet har andre i styret hjelpt med. Vårt nye talent, visesongar m/gitar, nestformannen, Jimmy Næs, har vore ei god støtte for meg. Han har teke sin fulle del av ansvaret for lagskveldane.

Mange nye medlemer har me ikkje fått. Men ein liten gjeng har vore trufaste og gjeve mykje tid til laget. Det som retta opp økonomien etter underskotsdrifta i år vart ein

laurdags-dugnad. Åtte gilde medlemer hadde anledning og vilje til å vera med og «sopa» pengar i kassen ved rydding på Haukeland Sykehus.

Spellaget har i år vakna til livet etter å ha kvilt nokre år. Dei har hatt øvingar i haust for å få saman ein revy, som dei vil reisa og framføra i Sunnhordlandsbygdene — etter god gamal tradisjon.

Siste delen av dette året har også innehelde førebuingsarbeid til jubiléet våren 1979, jubileumsmøte, jubileumsfest og jubileumsfestskrift. Ein del lemer har gjeve stor arbeidsinnsats for laget i dette høvet. Fruktene vil me hausta neste år.

Takk for velviljen og samarbeidet i laget.

Margot Våge



Formann Margot på lagskontoret i Fensal. Foto: OKF.

★



Gunnar Aksnes frå Vikøy i Hardanger. Han er professor i kjemi. I dikta sine ser han ikkje berre djupnene i mikrokosmos og universet, han skildrar og på ein fin måte -naturstemningar, slik me har eit godt døme på her.

På haustfesten 1978 las Gunnar Aksnes opp eigne dikt, mellom andre:

MÅNESKIN I HARDANGER

Myrkret fyller fjorden
mellom kvite fjell
i glitrande bylgjer
vaknar den tagale måne
attom Huldrehaugen
høyrar eg ugla hyle
døyvd døyr ekkoet
i lauvfallstid
Einsam som auren
i fjordsvart sjø
søkjer dei ukjende djupner
Stilla bårer i mannehått
tonar med som Hardingfelas
understrengjer
Det er oktober
Månesylvet strøymer, strøymer
fyller sjø og sjel.

Gunnar Aksnes

Minneord om 4 gode Sunnhordlendingar

ANDERS VALVATNE vart født på Valvatne, Stord, 24. nov. 1901. Etter Voss landsgymnas studerte han filologi ved Universitetet i Oslo. Han kom første gongen til Sunnhordlendingen i 1949 då han vart tilsett som lektor ved Bergen Katedralskule — ei stilling han hadde til han gjekk av med pensjon.

Me i Sunnhordlendingen vil minnast han som den som fekk spellaget istand etter krigen og som sette opp mange spelstykke i omlag 15 år til hans daglege arbeidspress gjorde at han diverre måtte slutta i spellaget. Anders dreiv ikkje noko avant-teater — han arbeidde ut frå ei grunnsolid kjensla til amatørteaterarbeide og det viste seg at han hadde rett. Me som hadde gleda av å ha han som instruktør kom sjølvsagt fyrst i kontakt med hans solide kunnskap og vare innstilling til sitt media, og me undrast ofte over korleis mange vaks under hans leiing. Attåt instruksjon hadde han alltid ein humor, lun og godsleg, som me følte kom frå hans ego og som både gledde og inspirerte oss. Han var eit godt bevis på at det ikkje alltid er dei store ord og fakter som fengjer mest. Stundom kom han og med småstykker han hadde skrive sjølv, og å spela desse var den mest kjærkomne oppgåve me kunne få.



Lektor Anders Valvatne frå Stord, 1901—1973.

Anders Valvatne gjorde i 1969 den største tenesta nokon har gjort for Sunnhordlendingen då han skreiv 50 års soga til laget.

Mange av oss hadde vona at me skulle få sjå meir til han no når skuledagen hans var ferdig, men diverre det gjekk ikkje soleis, han døydde 1. oktober 1973.

Vener og kjenningar i Sunnhordlendingen vil alltid minnast han med gleda.

Per Ivarsøy

★

THORVALD HOLMEDAL

Når Bygdelaget Sunnhordlendingen er 60 år er det naturleg at ikkje alle formenn gjennom åra er i live.

Ein av dei som er gått bort er Thorvald Holmedal. Han var med i styret i fleire år og var formann i 1954—56. Dette var år då folk strøymde til møter og tilstellingar og laget trong ein mann og sterk hand, med myndighet og aktive evner. Me som var med i laget den gongen var aldri i tvil om kvar han stod, og me stola på han.

Thorvald var fødd i Holmedal i Skånevik (no Kvinnherad) 9. nov. 1916 og kom til Bergen der han gjekk på Nerheims Handelsskule i 1942. I 1943 vart han tilsett som sjukepleiar på Neevengaarden Sykehus (no Sandviken Sykehus) og der arbeidde han til han gjekk burt 2. feb. 1974.

Thorvald var også ein vel kjend skyttar, friluftsmann og brigdespelar. I alt for ung alder fekk han vanskar med hjarta og måtte trappa ned, men diverre sjukdomen krov sitt mens han enno kunne hatt mange aktive år framfor seg.

Per Ivarsøy

Erling Hornenes til minne

Etter kort tids sjukdom, kom det tunge bod til heim og bygda, at Erling Hornenes var gått bort. Endå ein gong var ein av dei beste teken frå oss i altfor ung alder. Erling Hornenes var ein god ven, trufast tillitsmann og som med si rolege framferd vann tillit hjå dei som fekk læra han å kjenna.

Han vaks opp på Skånevikstrand i Skånevik og kom til Bergen i 1956. Her kom han tidleg med i ungdomslagsarbeid, først i Ervingen og sidan i Sunnhordlendingen der han var formann i 1958—60.

I 1963 reiste han heim til Skånevik og tok over farsgarden. Her sette han igang med eit stort nydyrkingsarbeid og oppføring av nye driftsbygningar.

Han kom også med i ymse lagsarbeid, men serleg var det skulen som fekk nyta godt av hans leiarevne. I 1975 vart han valgt inn i kommunestyre. Alt dette var ting som Erling Hornenes sto midt oppi og som han hastig måtte forlata. Det var slik han var, engasjert og villig til å ofra si tid for andre.

Han etterlet seg kone og 5 born. Erling Hornenes var fødd 27/5 1931, død 28/4 1976.

Askild Ytrenes

★

PEDER NILSEN AGA

Peder Nilsen Aga frå Fitjar var ein av dei som ofte var å finna som talar i Sunnhordlendingen. Han presenterte seg alltid som sjølvlærd, men tala og førde seg som ein med stor kunnskap og livsvisdom. Han var so rotekte når han tala at ord og vendingar «sat i oss» lenge etter, og serleg hans humor vart sitert frå mann til mann og i aviser. Soleis sa han eingong i Fylkestinget då det var spurnad etter ekspertar til dei ymse fagkomitear: «Eg er ekspert i å bera møk». Dette var sant, men likeså stor sanning var det at Fylkestinget visste at dei kunne bruka han i kva komité det skulle vera.



Peder Nilsen Aga, 1895—1977. Dette er antakeleg det siste biletet som er teke av han. Peder Nilsen Aga er her innom lensmannskontoret på Fitjar. Foto: lensmannsbetj. Odd Larsen, hausten -77.

Peder Nilsen Aga var fødd 29. okt. 1895 på Aga i Fitjar og der budde han i all sin dag til han døydde 16. des. 1977. Som folk flest der ute var han småbrukar og fiskar og dessutan landpostbud — i robåt rettnok — mellom Koløyholmen og Aga frå 1936 til Aga fekk veg i 1973.

Han må langt på veg ha rekord som representant i heradsstyre, i heile 50 år hadde han sete då han slutta i 1975, av desse åra var han ordførar i 12. I ei lang årrekke, like fram til han døydde, var han med i styret i Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag. Han var ogso oppteken i bygdepolitisk spursmål, geistlege spursmål, slektsgransking, utkantproblem osb., og var ein flittig skribent i avisene. Det skal også nemnast at hans meiningar var so gjennomtenkte og vetuge at det ikkje var nokon som skreiv han imot.

Per Ivarsøy

SUNNAVIND

av Sigmund Myklevoll og Lars Olav Tveita

Bygdelaget Sunnhordlendingen hadde i tidlegare år eit handskrive blad til opplesing på lagsmøte og festar. Slik var skikken i alle ungdomslag før i tida. Dette inneheldt litt av kvart av «heimelaga» lyrikk og prosa, og avskrifter etter kjende forfattarar. Og bladet heitte «Sunnanvind» og var innført i ein traust protokoll. Denne skikken døydde ut etterkvart.

Den 10. mars 1964 kom fyrste nummeret av «Meldingsblad for Sunnhordlendingen» ut. Det var prenta på spritduplikator og hadde fylgjande føremål sett fram i «leiaren»:

«Når det er teke avgjerd om å gjeva ut eit meldingsblad, så er det ut i frå vår faste overtyding om at det er trong for ein nærare kontakt mellom lagsfolka og styret, samstundes som det skal vera til hugnad og nytte både for dei som les det og for dei som lagar stoffet.

Bladet skal vera uavhengig, det skal ikkje vera noko organ for styret. Me vil tillata oss å koma både med ros og ris, og me har eit inderleg ynskje til lagsfolka at dei kjem fram med det dei har å klaga over, og har de ros, so kom fram med den og.



Redaktør og fotograf Sigmund Myklevoll gjer kameraet klar. Foto: H. H.



Lars Olav Tveita har vore redaktør av SUNNAVIND i mange år, han har vore ein trufast slitar ved skrivemaskina på lagskontoret. Foto: H. H.

Kan me fretta litt nytt frå heimbygdene våre vil me og taka det med.

Nykomlingen har ikkje fått noko namn enno, men her vonar me på hjelp nettopp av deg, slik at me slepp å venta alt for lenge med dåpsseremonien.

Med von om at bladet vil verta til styrke og samhald for laget vårt, ynskjer me alle vel møtt til full innsats i tida frametter».

Fyrste bladstyret var Gunnvor Djuve, Per Ivarsøy og Petter Ersvær, og deira tankar om kva bladet skulle vera har vore retningsgjevande for seinare medarbeidarar.

I 1966 kom bladet ut under namnet «Sunnhordlendingen». I eit par vanskelege år for laget var prenteverksemda lita, men det kom då ut nokre nummer.

Den 13. mars 1969 fekk Olav Fjæra sving på spritduplikatoren igjen. Då var det gamle handskrivne bladet forlengst visna bort, og namnet gjekk over til meldingsbladet. Bladet har sidan heitt «Sunnavind» eller «Sunnanvind», det har veksla litt med dialekten åt den som skreiv titelen.

Bladet har fylgt med når det har kome nye landevinningar innan prentekunsten. Xerografi overtok etter sprit, og i 1972 gjekk ein over frå A4 til A5-format med forminska tekst. I 1973 tok ein offset-teknikken i bruk,

og bladet fekk si nåverande form: 4 sider i A5.

Bladet blir nå sendt ut til alle medlemer før kvart lagsmøte. Det har lysingar om lagsarbeidet, referat frå tidlegare tilskipingar, meiningsytringar, helsingar frå medlemer på langfart, dikt og viser og litt av kvart anna.

I det fylgjande tek vi med nokre smakebitar av det som har vore prenta i bladet dei siste 10 åra. Vi vonar at desse bitane vil gi eit levande bilete av dei ulike greiner av lagsarbeidet, både sorger og gleder, og den humoristiske og godlynte tonen som råder i laget.

Nr. 2 — 1969
Gubbelag i Sunnhordlendingen

På festmøtet i Hordaheimen blei det klaga på at dei «eldre» i laget så sjeldan viste seg på lagsmøte og andre tilstellingar i Sunnhordlendingen sin regi. For å bøte på dette føreslo Olav Sæbø (formann i Sunnhordlendingen 1938—1949) at det blei skipa eit GUBBELAG. Dersom det kjem nok folk på lagsmøtet den 17/4 vil me prøve skipe eit slikt lag. Som styre for dette særlaget må me ha ein eller fleire GROMGUBBAR. Føremålet med dette laget kan ganske enkelt vera desse to tinga:

1) Gubbelaget skal skipe til minst ein fest til året, der «eldre» og yngre sunnhordlendingar kan samlast. 2) Gromgubbane må syte for at det til lagsmøta kjem minst 3—4 av dei eldre, slik at det alltid blir kontakt mellom det «gamle» og nye i laget vårt.

Nr. 8 — 1969

Medlem Nr. 100 vart: HARALD LØNNING frå Ølve, me gratulerer. Som premie får han gratis reis (tur—retur) til Ølve.

Sunnhordlendingen har nå 119 medlemer, meld deg inn du og i laget som alle kan nå.

Nr. 3 — 1970
Presentasjon av ein (ei) formann (forquinde)

Åse-Liv kom med i laget etter Fitjarrevolusjonen våren 67. Etter det har ho fått en brei bakgrunn som sunnhordlending: Først primadonna (utan dei tilhøyrande primadonnanykker) i Spellaget, alltid aktiv i Leikarringen, fast inventar på hytta og i Hyttestyret, einaste kvinnelege skyttar på lagsskytinga sist haust, Sunnabu-meister på ski i 1969 i dameklassen, skrivar i styret i Sunnhordlendingen i eit år, og no forquinde. Ugift, men i samsvar med tradisjonen i laget, skal ho gifta seg i formannsperioden — anten ho vil eller ei — eller gjeld ikkje den regelen for Fitjar-folk?

Nr. 1 — 1971
Protest!

Dette nummer av «Sunnavind» er trykt i ei protestøsing mot dei kummerlege tilhøva redaksjonen arbeider under. Me sit og skriv mellom plankestablar så sagflisa flyg av tastaturet. Det er storvøling i gang på lagsrommet. Men så snart grovarbeidet er unnagjort, *må* komitéen: Kjell Matre, Marit H., Brynjulf D. og Alf M. (in abscentia) starta sitt arbeid — dei skal gjera lagsrommet til eit høveleg koserom, til sitt bruk, og vel så det, men ikkje meir, sjølv om redaksjonen er litt på kanten (av bordet) . . . og det er ikkje lite, men: *Redaksjonens med- og motarbeidarar ønskjer alle godt nyttår.*

Nr. 9 — 1971
Dugnad!!!!!

Nei, no må vi få ferdig lagsromet vårt. Alle som kan og vil, meld frå til einkvan i styret og la oss ta eit tak.



Dugnad på lagsrommet. Inge Mikal og Marit tek eit tak for å få lagsrommet i orden. Foto: H. H.



Redaktørane Jostein Såkvitne og Lars Olav Tveita og sekretær Bjørg Lervik vedtek å gå til streik inntil lagsrommet er sett i stand. Foto: H. H.

Nr. 14 — 1971
General-streik!

I krisemøte på lagsrommet har pampane innan redaksjonen vedteke denne resolusjonen under stor øsing:

Til Konge, Storting og Styret i Sunnhordlendingen.

I vel eit år har redaksjonsstaben med sine yndige sekretøser site stua inne på eit roteloft av ein sponhaug (også kalla lagsrom). No er det slutt på tålmodet. Om det ikkje til *neste redaksjonsmøte,* «22. nov.» dette år, er minst halvferdig oppussa på lagsrommet (og helst heilt ferdig) så vil ikkje Sunnavind koma ut.

For streikekomitéen,

L. O. T. *J. S.*

Nr. 4 — 1973
«Haugesunds Avis»

gav oss god P.R. ved å publisera ein artikkel (med 2 bilete) om laget vårt under stor blikkfangande overskrift, torsdag 5. april. Avisa hadde også ifjor ei heil side om oss, så her er velviljen stor, og mange takk for det! seier veslebror «Sunnavind». Vi på vår side vil rosa «Haugesunds Avis» for den imponerande mengde bygdestoff dei fører, særleg er laurdagsnummeret rikt på store artiklar og godt biletstoff av aktuell og kulturhistorisk verdi.

Nr. 7 — 1973
«Su-So-No-Su» — Gimle, den 4. oktober 1973

Vi var vertskap, og det var atter suksessrevyen «Da går te donders» som var oppe.

Nr. 9 — 1973

Vi ser oss idag i stand til å gi referat frå den fysiske fostringsfronten (samtlege spelarar er på beina att): *Stor flaumljoskamp på Møhlenpris* (Forseinka fotballreferat v/P. K. G.).

Ca. midten av oktober møttest Sunnhordlendingen og Sunnfjordlaget til det årvisse fotballdramaet. Minusgrader og snødekt bane møtte spelarane (21 mann + 1 kvinne), men dette la ingen dempar på innsatsen og kampviljen. Sunnfjørene opna best og leia med 3—1 etter 1. omgang (eller var det 3—2?). Men sunnhordane kom igjen og då dei i byrjinga av 2. omgang gjekk opp til 3—3 låg sensasjonen i lufta. Men akk, sunnfjørene hadde nok mest igjen av denne lufta og vann til slutt med 5—3. Referenten vil elles gje honnør til det feminine innslaget hos sunnhordane; ho stoppa fleire angrep og endå fleire sunnfjører!

Berre 3 åskodarar hadde møtt opp, og alle gjekk tidleg i kampen, men to kom igjen etterpå, så det er enno von for Sunnhordlandsfotballen.

Domaren var ikkje til stades.

Nr. 1 — 1974
Folkets røyst

Dei som les bladet og som har eit godt minne vil hugsa at Stora Kråko var lyrisk i julenummeret, og at ho hadde meir å fara med enn det som vart teke med i det nummeret. Ho skreiv til slutt i brevet: Dette siste var kanskje litt vårleg, men det kan jo lagrast, det går jo an å skriva juladikt snart, dersom ånda kjem over meg. Ha da!».

Sidan klimaet alt nå i januar ser så vårleg ut tek vi Stora Kråko sitt dikt med alt nå, bladstyret tykkjer heller ikkje det er rett å «sitja på» så godt stoff, det fortener å bli kjent i vide krinsar.

Og vi kan berre takka så mykje, og vona på fleire gullegg i postkassa frå Stora Kråko!



«Stabokkjen» — jolegåve til Olaguten frå Sigmund. På gubbelagsmøte vart det servert «bokkahalesuppa», da va dinna bokkjen som måtte lata livet ved dette høvet. Teikna av Solveig Kalvenes.

TRE BJØRKOR
Nakne greiner mot himlen
svarte spriker dei
bøyer seg for vinden.

Nakne greiner, men vakre
er dei, snart kjem våren
lagar fiolette knuppar.

Bjørkegreiner tøyer seg mot himlen
dei har fått lauv på
små fuglar syng om sumar.

Stora Kråko.



«Nakne greiner mot himlen», frå indre Matre, husmannsplassen Brått i bakgrunnen. Foto: Kjell A. Matre.

Nr. 5 — 1974

Ein vakker dag (dvs. kveld) i mai blei Sunnhordlendingens Gubbelag skipa heime hjå Olaguten i Inndalsveien. Dette er særlaget for dei som er så gamle at dei ikkje hugsar at dei har skipa det ein gong før. Då Olaguten blei utspurt om møtet hugsa han ikkje så mykje og meinte at dei burde innkalla til nytt skipingsmøte. Til stades: Hjalmar, Per, Sebjørn, Petter, m.a.

Olaguten vil kalla inn til nytt skipingsmøte seinare, hvis han kjem på det. Bladstyraren vil då vera til stades, både som gubbe og referent (hvis han hugsar på det).

Nr. 7 — 1974
Fritidsseksjonen

er glad i oss! Vi har nettopp fått melding om at Bergen Kommune ved Fritidsseksjonen har vedteke å gi oss Kr. 2.000,— i husleigestønad.



«Barnetime, . . . tja?» Frå den tio Stanley Jacobsen, Oddvar Haugsbakk og Terje Aase sytte for visesong, og mykje moro, på lagsmøte, utferder og på Sunnabu. Og var det nokon som trong barnevakt, fekk den yngre garde av sunnhordar i Bergen del i moroa også.
Foto: W. M.

Nr. 5 — 1975
Sunhorde i Søndagsposten

Eg kjem frå Sunnhordland, frå Sveio, sa Stanley Jacobsen til Otto Nilsen, og han song to viser. Den eine om jenter, tekst Josef G. Larsen, melodi M. Holm Johnsen. Og så skal han koma med plate. — Først i 70-åra var han ein vel omtykt og morosam medlem med gitar hjå oss. No er S. J. student i husdyr på Ås.

h.h.

Nr. 2 — 1976

I helga skipa Gular til Bygdelagsrenn på Kvamskogen, og jentene våre let ikkje den sjansen gå frå seg. Dagny gjekk like godt bort og vann kvinneklassen. Det er lenge sidan Sunnhordlendingen tok gull i dette tradisjonsrike rennet, så dette var på tida. Godt gjort Dagny. Og ikkje nok med det. Kari sikra laget vårt sølvmedaljen. Spreke jenter — me har grunn til å vere stolte av dei.

SUNNABU

av Kjell Matre og Sigmund Myklevoll

Lagshytta heiter «Sunnabu». Ho ligg lagleg til, eit par hundre meter frå riksvegen ved Mødalsvegen, i det finaste terrenget på Kvamskogen.

Draumen om lagshytte, ved sjøen eller på fjellet, hadde ein hatt lenge. Men det var på årsmøtet i 1953 det blei avgjort at noko alvorleg skulle gjerast — og så sette dei av kr. 1.000,— til hyttefond.

I 1961 hadde fondet passert kr. 9.000,—. Ein fekk høyra om ei hytte på Kvamskogen som var til sals for kr. 23.000,—, og laget slo til. Pantebrev selde til medlemene, på tilsaman kr. 3.300,—, banklån på kr. 10.000,—, saman med eigenkapitalen gjorde Bygdelaget Sunnhordlendingen til hytteeigar vinteren 1961.

Kva var så tanken bak hyttekjøpet? Vi siterer Petter Ersvær's ord i 50 års-skriftet:

«Den 18. mars 1961 kunne ein så be saman til innviingsfest, den første fest Sunnhordlendingen kunne halda i eige hus. Så var det berre å vona at utferdsstaden måtte verta det han var tenkt til.

Ja, kva låg no eigentleg bak tanken om eigen utferdsstad? Først og fremst var det å få ein samlingsstad for sunnhordlendingane i Bergen når dei ville ut av byen. Men ikkje minst skulle det sveisa saman ein kameratflokk og dermed styrkja lagsarbeidet. Ingen ting er betre for kameratskapen og samhaldet enn hytte- og friluftsliv.

I dag står laget som eigar av eigedomen. Alle lån er attendebetalt, og mykje nytt utstyr er innkjøpt. Mykje arbeid har også vorte utført på dugnad. Så som måling, ominnreiing og slike ting.

Bruken av hytta har vel vore om lag slik ein hadde venta det. Drifta har i alle fall vore rekningssvarande slik at ein har kunna nytta pengar til å gjera ho endå trivelegare. Og sunnhordlendingane set pris på dette høve til å koma opp i det vinterparadiset som Kvamskogen etter kvart har vorte.

Me tenkjer oss ein fin marssundag på Kvitingen med blanke solstrålar som glitrar i dei













Frå innviingsfesten på Sunnabu 18. mars 1961. Øvst: Sunnabu, Per Ivarsøy spelar «dragspel», i midten: Harald og Anbjørg Bruntveit svingar seg etter tonar frå Peren, så har dei teke ein pause i dansen og har sessa seg rundt bordet, frå v: Harald Bruntveit, Marta Ivarsøy, Solveig Rimbareid, Petter Ersvær, Annbjørg Bruntveit, Sebjørn Frøkedal, nederst: Jørgen Solberg saman med Berny Strømsnes og Anbjørg Bruntveit kosar seg i peiskroken, Marta Ivarsøy, Petter og Petra Ersvær ler godt — er det Peren som har sagt noko løye? Foto: Kjell A. Matre.





Ein fin maidag på Sunnabu, (er det 17. mai?), med sol og smilande gutar og jenter. Frå v: Arne Onarheim, Gunnbjørg Skålevik, Erling Grinde, Åse Liv Tveita, Beate Myklevoll. Frå hytteboka: «Skogen skin som spunne silke. Sunnabu stend som stille stove. Slike stader støtt seg søkjer Sunnhordlendingen sin staute stab. Storm som susar, sol som skin, Sunnabu stendig stend som støypt. Stellt som sølv, skurt som snø, slikt seg sømer Sunnhordland sine søner.» — Arne Onarheim. Foto: Sigmund Myklevoll.



Skia skal smørjast godt før Kvitingen vert «erobra». Frå v: Sebjørn Frøkedal, Knut Skålnes, Berny Strømsnes. Foto: K. M.

fløyelsmjuke snøskavlane nedover liene. Ein lever og ein andar med naturen, dette storslegne Guds skaparverk som etter kvart har opna bymann's augo for ei verd langt meir verdfull både for sinn og sjel, enn den han ser med stirring i si stove. Helsebot er ordet som dekkjer dette».

I den siste tiårs-bolken har det skjedd mykje på «Sunnabu».

Etter dugnadsarbeid i steikjande sol og stikkande myggsvermar, kunne vi sommaren 1970 taka i bruk eit tilbygg med tre soverom. Dermed fekk hytta fem soverom nede.

Det hadde alltid vore vanskeleg å finna godt vatn, men i august 1972 var nykjelda ferdig. Arbeidet med graving, montering av betongringar og ifylling av sandfilter vart også denne gongen utført på dugnad.

Og dugnadsånda levde vidare. Sumaren 1974 høyrdes på ny låten av hamar og sag frå «Sunnabu». Dette har halde fram så og seia kvar sumar seinare. I 1974 vart loftstrappa flytta, og tidlegare vindfang omgjort til ein del av «kosekroken», med nytt vindauga istaden for den gamle inngangsdøra.

Sumaren 1975 vart golvet i stova isolert frå undersida, og i 1976 starta så arbeidet med inngangspartiet mot aust. «Kråno» framføre kjøkkentrappa vart innbygt og omgjort til vindfang, og inngangsdøra flytta frå kjøkenvegg til stovevegg. Vi slapp dermed å gå gjennom kjøken kvar gong vi skulle ut eller inn. På kjøkenet gav denne endringa også plass til ny oppvaskbenk med utslagsvask, og til skap for koppar og kar. Sist sumar (1978) vart så tilbygget tekt med skifer.

Alle dei ovanfor nemnde vølingsarbeid har gjort hytta meir tenleg til lagsbruk. I tillegg synest sjølve dugnadsarbeidet på mange måtar å ha vore eit verdfullt element i lagslivet.

Hytta kan nå makeleg hysa 20 personar. Tek vi benkene i stova til hjelp, og i tillegg stuar godt saman på loftsmadrassene, vert det plass til bortimot det doble for ei natt eller to. Men for lengre opphald, til dømes i påskehelga, er det meir høveleg med 14 til 16 personar, slik at alle kan få plass kring bordet samstundes ved måltida.

Hytta er ein kjær og populær utferdsstad i helgane for medlemer og vener. Og andre bygdelag, skuleklassar og andre grupper, og familier leiger gjerne hytta ei vekes tid eller ei helg. Men hovudregelen er at hytta mest mogeleg skal vera tilgjengeleg for medlemene frå fredag kveld til sundag kveld.

Vi kan trygt seia at hytta har vorte det ho var tenkt å verta. «Sunnabu» har betydd svært mykje for venskap og samhald i laget, og såleis styrkt lagsarbeidet i byen. Gjennom lagsarbeidet blir folk kjende med kvarandre,



Innekos på Sunnabu. Sebjørn med 2 godjenter. Alfen vette så flaue atte han må snu seg vekk. Foto: SM.



Karneval på Sunnabu. Ottar Hunnes og Carsten Helgesen i nærkamp. Foto: Lars Sigurd Valvatne.

men på hytta blir dei sveiste saman på ein heilt annan måte. Og ved deling av huset's plikter og samvære natt og dag lærer ein betre å ta omsyn til andres behov og ynskje.

Hyttereglane er der for å sikra at alt skal gå greitt, men sjeldan har det vore trong for å peika på dei. Matstell, oppvask og rydding går av seg sjølv, så å seia. Ja, dei frø av «god oppdragelse» som foreldra ofte ottast hadde falle på steingrunn i avkomet syner seg å gro og bløma i dei unge som ferdast på «Sunnabu».

Det er, naturleg nok, om vinteren der er størst utfart til hytta. Det fine skiterrenget, høveleg for både glupe og mindre glupe skilauparar lokkar mange. Men også om hausten og våren er hytta godt besøkt. Om sommaren er det noko stillare, men då blir det kalla saman til dugnad iblant for å halda eigedomen i god stand ute og inne. Og sume finn glede i ei vekes sommarferie på hytta.

Utdrag or hytteboka:

15. — 16. april 1967.
Dette er en enetale,
som et ensomt hjerte fører,
mens de andre speller kort som gale,
inne bak stengte dører.
Regn og sludd i skjønn forening,
gjør at vi får ingen trening
i å stå på ski og slikt.
Noen spiser, noen drikker
eller sover ..... eller hikker,
alle gjør sin borgerplikt.
Takk for meg. *P. E.*

10. april 1970.
Å, du og du her var det godt å være.
Selv ved og vann blir lett å bære.
Når solen skinner fra himmel blå,
da har vi ingen ting å klage på.

6.—10. mai 1970.
Bra vær, fin tur, gode pannekaker.

16.—19. juni 1970.
Stor-dugnad på «Sunnabu».

Tysdagskvelden samla det seg ein skokk av sunnhordlendingar i og ikring hytta. Dei grov og spadde i vilska, for arkitekten og teikningane hadde dei køyrt ifrå.

Endeleg kom Alf'en i folkevogn og med 20 tonns lastebil på slep, fulle av gamalt skrap og materialar. No vart det fart på gravinga, sjølv om storparten av dugnadsgjengen let seg skrema av myggen. Før dei «siste» forlet hytta, var 7 pålar sett i jorda, og dei for utan å seia farvel i denne boka. Men to var att, og



På Sunnabu er godt å vera. Mangne Ro tek det med ro når han er på hytta, men det hender at han tek seg ein svingom. Foto: LSV.



Påskestemning på Sunnabu.

det som så hende, vil eg skriva om i neste bolken. Fylg med. No vert det spanande.

Framhalds-soga held no fram: I nær 30° varme, og fulle av myggstikk og fliser i nevane, sleit me onsdag med opprydding etter tysdagskveldens jordreformer kringom hytta. Det kom rame på pålane, og ei rad tekniske problem vart løyste.

Torsdagen kom med same veret, om mogeleg enno verre. Reisverk, rame, sperr og tak spratt opp mest av seg sjølve, og det var trøyte gutar som gjekk og la seg den kvelden og, stemplingsuret synte 5 timar overtid.

Fredag føremiddag: Papp på taket i + 50° C. Tjørepappen kunne smørjast utover og sjølve rann me ned stigen som ei elv av sveitte. Men i brunnen var det cold drinks. Takk for oss!

LEIKARRINGEN

Av Lars Olav Tveita

Den 10. oktober 1962 kom 16 jenter og gutar saman i Gimle for å prøva å få i stand ein leikarring. Hjalmar Tvedt tok på seg oppgåva som leiar. Dei tok fat heilt frå grunnen av, og sidan gjekk det jamt frametter. Ringen hadde 9—10 par første året.

Slik startar soga åt Leikarringen til Sunnhordlendingen. I åra som følgde, øvde dei kvar onsdags-kveld i Gimle. Oppslutningen varierte frå år til år. 17. mai var den «store dagen» kvart år. Då var nokre par med og dansa på Strandkaien for dei eldre og uføre i bussane der. Seinare på dagen var det dansing på vikingskipet på Festplassen.

I 1966 og 1967 var Sunnhordlendingen representert i festspelringen som hadde framsyningar i Konsertpaleet for fullt hus. Her fekk vi vår internasjonale debut. Nervene var på høgkant, men regien var profesjonell, og alt gjekk som det skulle. Aviskritikken var blanda, men applausen var enorm.

Vinteren 67/68 freista vi med leikøvingar saman med Nordhordlendingen og med Hermann Olsen som instruktør. Leikleiarar elles fram til 1968 var Hjalmar Tvedt og ein sesong Ingeborg Epland.

Dreiv du med leik og gamaldans i 1960-åra, vart du ofte sett på som ein original. Du var ein som gjekk rundt i sirumpa knebukse og dansa etter «felegnikk». Dette synet har endra seg mykje siste tiåret. Vi fekk grøn bølgje, grasrotkultur, nasjonal reising under EF-striden og seinare det som vert kalla nostalgi. Når Fanitullen på hardingfele kunne koma på Norsktoppen, bar det også bod om større interesse for kulturarbeidet i leikarringane. Folkedansen er vorten «pop».

Vi merka først dette brigdet på tilstrøy-



Leikarring frå 1963. Fremst frå v: Olav L. Markhus, Lars Bruntveit, Askild Ytrenes, Ragnar Spissøy, Jørgen Solberg. Bak frå v: Gunvor Djuve, Edel Enes, Guri Enes?, Laila Halleland, Kjersti Myklebust.



Sunnhordlandsspringar. Johannes Lunde fremst i kåte kast, mens Lars Bua og Brynjulf Dalland fylgjer med. Foto: Lars Olav Tveita.

minga til kursa vi heldt. På 7 kurs i leik og gamaldans etter 1969 har vi til saman hatt inne over 500 deltakarar. I tillegg hadde vi fleire pols- og springarskeid som gjerne var like populære. I same periode har 4—5 andre lag hatt tilsvarande kursverksemd i same lokala. Mange tusen nybyrjarar har trødd sine første reinlender-, polka- og valsesteg i Gimle og Fensal desse åra.

Det kan stillast nokre spørsmålsteikn ved å by ut folkedansen til massane på denne måten. Det har utan tvil ført til ei «forflating» av dansen. Eg hugsar at vi før trødde stega omatt og omatt, vi fekk kjeft for feil handtak, for slevspark og slurv. No ser det ut for at slike krav til rein dansing har vike for ein «dans som du er» — stil. Folkeviseleiken er skuva meir til sides. Det er gamaldansen og bygdedansane som har størst appell. Kanskje er det ein tendens i tida, noko som vi ser att i skule- og samfunnsliv. Ein stiller mindre krav. Alle skal vera med.

Leikarringen i Sunnhordlendingen stiller seg likevel positiv til utviklinga. Ideologien er klar. Gamaldanskursa skal gi pengar i kassen og rekruttar til leikarringen. Så kan dei som er så heldige å verta innfanga i våre garn, dresserast med høvelege porsjonar leik, folkeviser, turdansar og sjølvsagt — meir gamaldans. Når sunnhordlandsungdom kjem til byen, finn dei difor eit levande dansemiljø i laget vårt.

Det har gått opp og ned med leikarbeidet også i denne tiårsbolken. I samband med 50-årshøgtida i 1969 var all lagsaktivitet på topp. Vi hadde store planar for ein jubileumsring. Hjalmar Tvedt jobba trottug med oss kvar mandagskveld. Men det heile enda opp med framsyning av berre ein dans på jubileumsmøtet i Gimle. Det var Vestgøtapolka, ein dans med mange turar som krev både konsentrasjon og presisjon. Eg hugsar vi hadde problem, men vi kom gjennom det. Dette er kanskje typisk for leikarringen vår. Det har vore mykje moro. Vi har lært mykje. Men nokon perfekt fram-



Leikarane set også sitt preg på lagsmøta. Her er det Ottar og Grete som svingar seg. Foto: HH.



Brit Sørland får gåve og takk frå Lars Olav Tveita for å ha leia eit av dei mange kursa leikarringen har skipa til. Foto: HH.

Hausten 1969 var vi så heldige å få Antun til å halde skeid i Sunnhordlandsspringar i leikarringen vår. 10—12 par fullførde. Seinare har Bente og Rolf Mjøs frå BUL teke over som instruktørar, og dei har halde to kurs for oss og eitt i BUL sin regi.

Diverre er det få som har halde dansen ved lag etter kursa. På folkedanskveldar og stemne er det vanskeleg å finna partner til å dansa denne springaren med. Mange lærer seg ein annan springar med annan rytme og andre turar, og misser då taket på Sunnhordlandsspringaren.

Dei som berre har lært dansen på eit kurs, har fått ei nøyaktig forklaring på kva dei skal gjera. Kvart steg og kvar armrørsle har si oppskrift. Mange tek dette for bokstavleg. Dei prøver på fakter og steg som slett ikkje høver til kroppsbygnad og temperament. Ofte ser det keitete og tilgjort ut.

Dersom dansen hadde eit miljø der han vart brukt jamt, kunne den einskilde dansaren også læra ved herming, prøving og feiling. Han kunne finna sin dansemåte, som sjølvsagt måtte vera innafor visse absolutte reglar. Dansen ville verta meir livat og meir populær og kanskje meir i samsvar med bygdedans i tradisjonelt miljø.

1) Egil Bakka: Hovudliner i eldre norsk folkedanstradisjon.

SKYTTARLAGET

Av Samson Bakke, Lars Olav Tveita og Sebjørn Frøkedal

Sunnhordlendingar som kjem til byen, vil finna aktivitetar av mange slag i Bygdelaget Sunnhordlendingen, også eit aktivt skyttarlag.

No gjer ikkje skyttarlaget så mykje av seg til vanleg. Men utpå hausten vaknar dei til liv med dunder og brak til den årvisse skytinga om «Sunnabukruset». Dei aktive skyttarane som er med i skyttarlag utanom laget, dominerer. Men respitt-ordningane gjer at dei aldri kan kjenna seg heilt trygge for mosjonsskyttarane.

Frå 1962 til i dag har det gjevaste trofeet vore innom desse medlemene:

1962 Thorvald Holmedal
1963 Ragnar Spissøy
1964 Johan Røssland
1965 Samson Bakke
1966 Kåre Lauvås
1967 Kåre Lauvås
1968 Samson Bakke
1969 Samson Bakke.





Samson Bakke, Hermod Naterstad.





Oddvar Drange, Olav Bjørgen.

Han fekk dermed kruset til odel og eige. Nytt krus vart sett opp, og vart vunne slik:

1970 Ove Larsen
1971 Hermod Naterstad
1972 Hermod Naterstad
1973 Ove Thorsheim (tidl. Larsen)
1974 Ove Thorsheim til odel og eige.

I det 3. «Sunnabukruset» har desse aksjar:

1975 Oddvar Drange
1976 Samson Bakke
1977 Eli Midttun
1978 Oddvar Drange.

Her har ei einsam jente kilt seg inn i den mannsdominerte rekkja.

Amatørane har ikkje nådd til topps dei siste åra. For dei heilt uøvde er det difor no oppretta ein eigen klasse som ikkje tevlar om «Sunnabukruset». Dette skal vera eit tilbod til dei «vanlege» medlemene for å få dei med på skytinga for moro skuld.



Øvstun skytebane -69. Frå v: Samson Bakke, Kåre Lauvås. Foto: LOT.



Damelaget -75: Frå v: Dagny Neverdal, Brit Bjørgen, Anne Sofie Totland.

Om hausten er det også bygdelagsskyting. Sunnhordlendingen har ofte hatt vanskar med å stilla fullt 5-mannslag midt i hjortejakta og sauesankinga. I tillegg er denne skytinga ei samling av toppskyttarane i bygdelaga. Dei er også mellom dei beste skyttarane frå skyttarlaga i Bergen.

Medlemene våre har stått for mange gode individuelle plasseringar og ein 2. plass, fem 3. plassar og nokre 4. og 5. plassar i samandraget. Til vanleg har Sognalaget og Sunnfjordlaget teke dei første plassane.

SPELLAGET

Spellaget har ofte vore ein sentral del av lagsarbeidet. Når det var trong for litt ekstra program på lagsmøte og festar, var det ofte at «skodespelarane» måtte i aksjon. Og når laget skulle på gjesting til Sunnhordlandsbygder, ja — stundom til Hardanger og Nordhordland med, var det dette særlaget som måtte i elden att.

Etter mange års heilhjarta innsats som instruktør — og ofte skodespelar også, takka Per Ivarsøy for seg og overlet roret til Brynjulf Dalland i 1970. Brynjulf heldt fram i Peren sine «fotspor» og fekk til større spelstykke. (Me vil la Brynjulf og Inge M. Helland fortelje nærare om dette nedanfor, dei fortel



På turane med spellaget finn ein på møkje moro. Ein som var flink til å skape liv og lått — også utanom scena, var Oddvar Haugsbakk. Her driblar han seg fram på trehjulsykkel, mens formann Solveig og instruktør Brynjulf ser på — noko alvorsame — er dei nervøse for kossen da ska gå med spelstykket om kvelden?

både frå den tida Ivarsøy var instruktør og når dei overtok leiinga sjølve).

Etter Brynjulf takka av som formann og instruktør i spellaget, har det ikkje vore framført større stykke. Geir Mehammar — også han frå Tysnes, prøvde med mindre stykke, slik som «Den nye kapelanen» av Hans E. Kinck og «Friarleiken» av Klaus Lavik. (Det sistnemnde stykket vart spela i 1972, og det var visst mange i laget som tok det alvorleg, meir om det annan stad i dette skriftet).

I 1973 prøvde me oss på noko nytt. Med Petter Ersvær som drivkraft fekk me til revyen *«Da går te donders»*. Her hadde me med små spelstykke som me hadde skrive sjølve. Anders Valvatne hadde laga tittelstykket. Visesong hadde me og, Inger Marie Hetland song *Strattane* — av Hjalmar Tvedt og mange andre gode viser. «Da gjekk ikkje te donders» med denne revyen, men året etter 1974 kan me lesa i årsmeldinga: «Spellaget har kvilt på sine laurbær frå året før».

I 1975/76 var det Torill Strømme som overtok leiinga av spellaget, ho arbeidde vidare med korte, enkle — ofte heimelaga, spelstykke, som vart framførde på lagsmøte, festar og når me gjesta andre lag.

I 1977 var det ikkje mykje liv i dette særlaget, men i 1978 tok det til å bløme igjen. På vårparten var det urpremiere for «på heimefronten» av Jimmy Næs, og dermed livna det til att, og på haustparten tok me like godt til å øve inn den nye revyen: *«Da står då te liv»*, og i skrivande stund har me alt hatt premiere i Omvikedalen, («Heidundrande revysuksess for Bygdelaget Sunnhordlendingen», skreiv *Sunnhordland* etterpå). Stjerna i denne revyen er Jimmy Næs, ikkje berre framfører han sjølvlaga viser, han spelar og les dikt også.

Av dei aktive i spellaget dei 10 siste åra, kan me også nemne: Åse Liv Tveita, Wenche Norheim, Gunnbjørg Gundersen, no Bruntveit, Agnar Bruntveit, framleis Bruntveit, Frode Knutsen, Gunnar Frøkedal, Solbjørg Tveita, no Heggelund, Sigurd Heggelund,



Torill Strømme var spelande instruktør. Her er ho i glansrolla som Møyfrid Glad — variant 12-b, saman med ein Glad medspelar: Audun Otteren. Foto: LSV.



Jimmy Næs frå Rosendal — den nye visesongaren i laget. Her er det premiere på revyen «DA STÅR TE LIV» i Omvikedalen 27/1 -79. Han hadde skrive både tekst og melodi til dei fleste visene han framførde, han fekk stor fagning for dei alle, særskilt godt likte dei visa «Rosendal». Foto: Jostein Hatteberg.

framleis Heggelund, Solveig Vik, no Tronshaug, (Kåre Tronshaug var visst ikkje med i spellaget, men det spela ikkje noko rolle), Ingebjørg Vik, Hans Torleif Kjellesvik, Oddvar Haugsbakk, framleis Haugsbakk, Bjarne Kårstad, Kjell Matre, Willy Mjånes, Terje Aase, Olaguten, Svein Bua, Magnhild Arholm, Audun Otteren, no Hollund, Per Aga, Margot Våge, Lars Johan Lysen, Arvid Holm, Carsten Helgesen, Kari Berge, Ottar Hunnes (og dei som eg no har gløymt, skal få koma med i neste festskrift, så de får orsaka meg så lenge).

O. K. F.

«Kjenningsmelodi» for spellaget har i mange år vore «Strattane».

STRATTANE VÅRE

Av Hjalmar Tvedt

Hvis du her vil lytta til, då eg jammen syngja vil —
nokre tonar — nokre ord om strattane eit bel.
Du spør kanskje kva for kar dette sjeldne namnet har —
det er ekte Sunnhordlandsk og tyder mannfolk farr.
Hvis du sør langs leia fær — og du over landet ser,
du kan velgja — du kan vraka mellom alle desse her:

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe,
ein Fitjarskarv — ei Tysneskråka — ein Bømlakagge,
ein Storagap, som trur han alt kan femna — han frå Skånevikjo tør eg ikkje nemna.

I vår soga er det sagt frå den Sunnhordlandske trakt
er det fostra mang ein kar med kraft og ordet i si makt.
Ifrå Etne kongar dro — Ølen passa helst sin so —
og på Fitjar har dei alltid tykt potetene var go'.
Men i Rosendal dei trur at baronar framleis bur —
og dei gjerne ser med hatt i hand me framom går i tur:

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe

Vår militære supermakt er for landet blitt ein prakt —
brøstet ut og magen inn — når dei marsjerar fram i takt.
Snart så slepp dei vel å gå — dei skal motorsykkel få —
dei må ha det slik som dei er vant te' heimante ifrå.
Stasen den var jammen stor — då kongen vitja oss i fjor,
oppstilte sto strattane som perler på ei snor:

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe

I vår ferdsla og trafikk er det ofte polemikk —
rutene bør leggjast opp etter lutmedel og slikt.
Leirvik tykkjer dei må ha — monopol som hovedstad,
ein ekstra båt til oss — det var det Kvinnheringen sa.
På eit aksjebrev me får — gratis tur til by'n kvar vår,
då vert «Sunnhordland» for liten — for på alle dekki står:

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe

Smarte strattar er der nok — Åkerfjorden har ein flokk,
produserar ekte geitost — utav tre kyr og ein bukk.
I dei beiterike fjell — er eit eventyr ved kveld —
og dei elska er av alle som har ulla som sin fell.
Når ei sauelast kjem hit, vil du sjå at det er slik —
som ordtaket det seie — at alle fe sin herre lik:

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe

At strattane har stor makt — det er av gjenter ofte sagt,
når dei er på laurdagsdansen — og ein «pikkeliten» smakt,



«Smarte strattar er der nok — Åkerfjorden har ein flokk, produserer . . . .» Han likar seg godt i spellaget Olaguten. Særskilt likar han seg når han får spele baron: spellagsbaron, revybaron, festskriftbaron og sånn — beste helsing Sigmund. Når sakjo er goe, spelar da ikkje noko rolle kva rolle ein må spela — beste helsing Olaguten. Foto: Lars Bua.

dei så ofte skryta skal — og du ofte kan få bal,
dei er ikkje betre dei frå Sjo så dei frå Holmedal.
Og eg vert i hjarta varm, når eg føler deira arm —
og eg tar dei ein for ein og legg dei roleg til min barm.

Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe



«Og eg vert i hjarta varm, når eg føler deira arm — og eg tar dei ein for ein og legg dei roleg til min barm: Ein Mostrasnur — ei Husneslus — ein Rekstrakrabbe, ein Fitjarskarv — ei Tysneskråka — ein Bømlakagge, ein Storagap, som trur han alt kan femna og han frå Skånevikjo tør eg ikkje nemna». Frå premieren på «DA STÅR TE LIV», Magnhild Arholm med strattane, frå v: Carsten Helgesen, Arvid Holm, Per Aga, Magnhild, Olaguten, Ottar Hunnes — som stabokkjen, Lars Johan Lysen. Fremst: Jimmy Næs med gitaren. Foto: Jostein Hatteberg.

Minne frå glade spelstykke-dagar — frå 2 som var med

Av Brynjulf Dalland og Inge Mikal Helland

Dei spelstykka som me var med i — og me trur det nedanfor er i rett rekkjefylgje — var:

«Garden»
«Storindustrien kjem til Kvinnherad»
«Kjerringnaud på Strilelandet»
«Kallane i Oladalen»
«Pengemakta»

Alle desse vart framførde i Gimle eller Fensal. I tillegg var me på turne til Sunnhordlands-bygder og andre stader. Det er vel episodar frå desse turane som sit mest i minnet no etterpå. Sammen med ein flokk glade skodespelarar kunne mykje skje — og som oftast skjedde det.

Nøyaktig kva årstal dei ulike stykka vart spelte, og dato for dei ymse framføringane har vi ikkje.

«Garden» vart m.a. framsynt på Leirvik på Stord. Det var Hordaland Ungdomslag som skulle gjere ein framstøyt for å få fleire medlemar der. Vi skulle vera med å visa noko av det ungdomslaga dreiv med. Dette var når gamle gode «Sunnhordland» gjekk i rutene mellom Bergen og Sunnhordland. Vi tok båten frå Bergen om ettermiddagen og returnerte om natta frå Leirvik til Bergen neste morgon. Dei vi hugsar var med var m.a. Eivind Tysnes, Gunnar Frøkedal og Anni og Kjell Brekke.

«Kjerringnaud på Strilelandet» var vel det stykket som var framsynt flest stader; på 50-års jubileumsfesten, i Etne, på Fitjar, på Reksteren og Solheim i Masfjorden.

Me var ein heil flokk som drog til Etne. Ein av bilane var ein VW varevogn. For å

gjera det lunt og koseleg + litt til — la vi halm på vareromsgolvet. Oppå der vatteppe, dermed var vidare initiativ overlate til kvar einskild. Alle meinte dette var vellukka.

Natta mellom laurdag og sundag var vi på Frette — hos Endre Åkra. Svært gjestmilde folk som tok imot oss på beste måte.

Mykje av øvingane på dette stykket føregjekk i det gamle lagsrommet på Engen. Særleg ein episode der eg skulle få ei bytte over hovudet var det mykje arbeid med. Både replikk og handling skulle passa overeins. — Mykje latter og utanomsnakk, men instruktøren Per Ivarsøy hadde ein uvanleg stor porsjon tolmod.

«Kallane i Oladalen» vart etter det vi kan hugse framsynt i Våge, Øystese, Masfjorden og Tørvikbygd.

På turen til Øystese var det «store bylgjer» og teikn til indre uro mellom spelarane. Brynjulf og Johannes (Lunde) hadde reist innover tidleg laurdag for å setja opp scena. Seinare på dagen var dei på privatbesøk. Dei møtte opp i Ungdomshuset 1/2 time før programstart. Då var nervene til dei andre noko frynsete. Det var faktisk framlegg om avlysing m.v. i ei svært oppheita meningsutveksling. Framsyninga gjekk likevel godt — og det var mykje folk i salen.

På turen til Tørvikbygd overnatta aktøra-



Glade spelarar på ei ferje i Sunnhordland på veg t framsyning i Etne 1969. Rundt bordet: (lengst til venstre), Inge Mikal Helland, Solbjørg Tveita, Frode Knutsen, Åse Liv Tveita, Olaguten, Agnar Bruntveit.





Inge Mikal Helland, Brynjulf Dalland.

ne m/fylgje på Sunnabu på Kvamskogen. På heimturen om natta gjekk Brynjulf sin bil tom for bensin ved Framnes. Ein forbipasserande bilist tilbaud slep til næraste bensinstasjon (automat) i Steinsdalen, så alt ordna seg.

«Pengemakta» vart framsynt på Vinnesvågen og på Reksteren.

Ja, dette var nokre korte glimt frå ting som har hendt i samband med spelstykke i laget. Sjølvsagt vart ein ofte lei, særleg på øvingar og med pugging av replikkar — men jammen var det mykje moro og. Heldigvis er det det siste ein hugsar. Me må igjen understreka det store tolmodet og innsatsviljen til instruktøren, Per Ivarsøy.

Til slutt må nemnast at på turane var det i tillegg til spelstykke også litt anna program. Ein trufast medhjelpar til dette var Stanley Jacobsen og hans gitar. Idag er Stanley landskjent, men det vart han fyrst etter å ha blitt kvalitetsgodkjent av folk i Sunnhordlandsbygdene — slå den!

Brynjulf Dalland Inge Mikal Helland

Om kjærleiken i Sunnhordlendingen skal me ikkje skriva noko,

me vil berre nemne at:



Ellen og Terje (Aase) har gifta seg og flytta til Stord.



Eva (Vaage) og Olav (Kalgraf) frå Tysnes har gifta seg og flytta heim att til gamle Njardarlog.



Brit og Olav (Bjørgen) har gifta seg, dei bur i Bergen, men er sunnhordlendingar lika godt.



Britt og Geir (Mehammar) har gifta seg og flytta heim til Tysnes.



Dagny og Thor (Økland) har gifta seg, dei bur i Bergen, men er sunnhordlendingar lika godt.

Audun (Otteren) er frå Odda, men då Hardingalaget i Bergen ikkje eksisterer, har me i Sunnhordlendingen måtta ta oss av han. Magnhild (Hollund) frå Bømlaøyno fekk som oppgåve å stelle fint med denne heimlause, frendelause, hjelpelause haringjen. Kor godt ho har greidt denne oppgåva, vil me ikkje røpa, men dei siste rykta går ut på at Audun — for å bli fullblods sunnhordlendingen, sist sommar skifta namn til Hollund, (eller var det Magnhild som skifte namn til Otteren??), (Olaguttankar).





Kristi (Skår) er 110% sunnhordlandsjente, (ho er både frå fagre Tysnesøyno og Sveio/5534 Valevåg — og attpåtil har moro vore taus på Rudlestad). Ho likar ikkje å spele skodespel, men da spelar ikkje noko rolle, for ho spelar så mange roller likevel. Ho har gjort sitt beste for å auke medlemstalet i Sunnhordlendingen, bergensaren Arvid (Holm) er blitt ein av dei ivrigaste sunnhordlendingane i Bergen. (Han har t.d. vore formann i leikarringen, er aktivt med i revyen m.m.) No har dei gifta seg, (legg merke til eplo som Kristi har attmed seg, ho nytta kvinnelist og eple heila tio), dei har kjøpt seg hus på Marikoven på Askøy, og har da berre godt.

Alle som har tid og hug vert hermed heimbedne på gjesting til dei — beste helsing Olaguten.

Helsingar frå ein del medlemer som har flytta frå Bergen

Fråflytting ser me ikkje som noko problem i Sunnhordlendingen, i alle fall ikkje når medlemene flyttar attende til Sunnhordland.

Me takkar for helsingar frå:

SKÅNEVIK

Skånevik 18/1-79.

Me reiste frå byn sommaren 1969. Etter å ha vore kontormann hos Munck, kjøpte Askel seg hammar og gjekk over til snikkaryrke. Saman med sine to brødre (som var snekrar frå før) starta dei då eige firma som dei framleis driv.

Gunvor som arbeidde på laboratorium på Haukeland Sykehus, har for det meste vore «bare hjemmehusmor». At her ikkje finst høveleg arbeid i bygda, er ein av bakdelene med å bu her. Me har 3 born, gjente på 4 år, ein gut på 10 og ein på 13 år. Grunnane til at ein reiser frå byen, kan vel vera så ymse, men for oss var vel dei viktigaste oppvekstkåra for borna og at me sjølve kom frå landsbygda. Me er begge interessert i hagearbeid og tykkjer det er avslappande å få rota i molda.

Aktivitetar er det nok av i bygda, både for ungar og vaksne. Me har vore aktive i fleire lag og Askel er med i kommunalt arbeid. For tida er me bra aktive i ungdomslaget, der Gunvor er formann (så du forstår det er mangel på formannskandidatar) og Askel er innstilt som 1. varamann til styret. Askel var forræsten formann i ungdomslaget her for ca. 20 år sidan. Ungdomslaget er for tida inni god medvind og det gamle ungdomshuset vårt har me kosta mykje på, så idag er det eit godt tenleg hus for lagsarbeid. Så dersom Sunnhordlendingen ville vitja oss med eit program ein gong, så er dei hjarteleg velkomne.



Huslyden Ytrenes i Skånevik. Frå v: Øystein, Gunvor, Tor Egil, Åslaug, Askild.

Sunnhordlendingen har me ikkje gløymt, og den må ha noko av æra for at me er så aktive i lagsarbeid her heime. Det me tenkjer tilbake på med størst glede, er vel gjerne leikarringen, der me dansa gammal reinlendar, tanto li og mykje anna med Hjalmar Tvedt som leiar. Skånevik og Tysnes dominerte laget i den tida og i farten kan me nemna nokre namn. Frå Tysnes hadde me Lars, Johannes, Arnold, Edel og Emma, Sebjørn og Guri. Frå Skånevik var det Kjell, Kjersti, Laila, Olav (Markhus), Rigmor og oss to. Frå andre stader (eller kan hende nokre av desse og kom frå Tysnes) var det Jørgen, Ragnar, Per og Petter med koner.

Av desse har me fortsatt kontakt med Ragnar og Edel og Kjersti. Edel, f. Enes, gift Huglem, adr. Haga, Stord, gjorde ein god jobb som kasserar i lengre tid. Og kvifor skal ikkje slike bli hugsa på i like stor grad som ein som har vore formann, kanskje i stutt tid.

Kan også nemna at me har Sunnhordlendingen å takka for at me vart kjende. Sjølv om me var naboar og kjende andleta på kvarandre, hadde me ikkje veksla eit ord.

Det gjekk såleis til at Aksel då han skulle opna eit lagsmøte i Gimle oppdaga Gunvor sitt ansikt i salen. Han tenkte. Henne må eg prøva å koma i kontakt med, ho er frå Åkrafjorden. Eg får ta ein dans med henne og med same spørja om ho vil selja brus på neste dans som Sunnhordlendingen arrangerer. Som sagt, så gjort. Gunvor sa ja til å selja brus, og eit år seinare ja til giftarmål.

Til slutt vil me koma med litt kritikk til Sunnhordlendingen, slik me ser det frå eit u.lag i Sunnhordland. Laget må i større grad driva PR verksemd i laga her sør. Dette kan sikkert gjerast på ymse vis, og svært ønskjeleg ville det vera å få gjesting av laget vårt i Bergen.

Helsing
Askel og Gunvor

Våge—Tysnes

den 5/2-79.

Viser til telefonsamtale og prøver her å festa ned nokre fakta om oss 4 her nede på Våge—Tysnes. Eg går ut frå at det som du er interessert i å veta er kva me no gjere på og kva me har drive med sidan me drog tilbake til Tysnes den 15/6 1968. Den dagen var me blit Tysnesingar att og det følte me ei stor gleda over. Ikkje det at Tysnes er ein slik framifrå og utan sidestykkje til plass å vera, men me var iallefall ute av byen og det var for Anni og meg ein god ting. Me hadde vel tilpast oss bylivet me og, men me hadde ikkje fått nokon dreis på det i den korte stunda me var i Bergen.



Våge, Tysnes. Foto: Hans Heie.



Anni f. Dalland og Kjell Brekke, 30/7 1966.

Det me reiste til på Tysnes var vel kanskje litt sjansefullt. Me kjøpte Tysnes Handelslag med rubb og stubb for kolossalt mange pengar tykte me, og sant skal seiast at nattesøvnen den fyrste tida etter at dette var gjort ikkje alltid var den beste. Handelslaget var då på konkursens rand. Me var klar over at me hadde mange år framføre oss med hardt arbeid dersom dette skulle gå bra og me er her framleis etter vel 10 år og har det etter måten godt. Men dei fyrste åra vil me ikkje ha oppatt.

Me har på desse åra fått 2 born, 2 gjenter. Agnethe f. 27/5 1968 og Kjersti f. 9/11 1971.

Vårt arbeid i det frilynte ungdomslaga har halde fram her i Tysnes U.lag. Anni har vore kasserar i laget i 5 år fram til 1979 forutan at ho har vore aktiv med i det som laget driv med. Eg skjølv har dreve ein del med leikinstruksjon i den fyrste tida, delteke litt i skodespel og ellers teke del i det som ellers rører seg i laget. Dei siste 3 åra har eg vore med i byggjenemnda for utviding av huset, og er «Bingosjef» på 4. året.

Elles har me den 1/12 1976 flytta inn i nytt forretningsbygg «*Triangelen*» saman med 2 andre forretningar her på Våge. Og til påske i fjor flytta me inn i nyinnreda

leilighet i det gamle forretningsbygget/bustadhuset. Ut over det å driva butikk har me også i 8 år dreve med ein kafe her på Våge. Den slutta me med då me flytta inn i nyebutikken.

Ellers går kvar dag her på Våge og med ein felande fart slik at ein veit ikkje ordet av det før ein er ein gamal mann, men for å forhindra at ein heilt stivnar til driv me også ein heil del turgåing og trimming. No trur eg at eg har vore gjennom det meste.

Dette som du nemnde om bilete er vel kanskje det verste, men eg får sjå kva eg finn og så får du setja det saman slik du synest det høver. Hei då.

Med beste helsing
Anni og Kjell Brekke



Liv og Lars Bua på haustfest i Sunnhordlendingen. *Foto: HH.*

Bua—Sveio

Gode ven og alltid like aktive sunnhordlending!

Me forlet Bergen i 1971, for så å føra eit noko omflakkande tilvære i ein del år. Me har budd i Haugesund, på Sotra, Bremnes, og den lengste tida, frå 1975, på Sunnhordlands sentrum og grøne øy — Halsnøy. Og no er me heime att i Sveio, der me har overteke odelsjord og skal prøva oss som bønder — rett nok slik at den eine av oss er distriktslege «på si», medan Liv og Gjertrud på 6 og Ingvild på 4 er dei som førebels skal ha hovudansvaret for gardsdrifta.



Bua-Sveio. Heimstaden til Lars og Svein Bua, som no Liv og Lars har overteke.

Sender deg nokre lysbilete frå gamal og ny tid, nokre frå Sunnhordlendingen og nokre frå Sunnhordland, og av husdyra våre!

Med helsing
Liv Rysjedal Bua
Lars Bua

Onarheim — Tysnes

Det er no 6 år sidan eg sa bylivet farvel. Sunnhordlendingen og miljøet der er nok det eg saknar mest dersom ein kan nemna dette som «byliv». Mellom alle gode minne ragar Sunnabu høgst. Laget har her eit ubetaleleg aktivum som det må takast vel vare på.

Då eg gifte meg, var tida inne til å prøva slå røter ein stad. Vi fann det naturleg å satsa på heimstaden min, Onarheim på Tysnes. Her ser det ut som røtene er grodd godt fast.



Solveig og Arne Onarheim.

Vi har overteke gard og bygd hus, og kombinasjonen lærar—bonde går upåklageleg. Familien har etter kvart auka med ei jente og ein gut til fire.

Vi vil få ynskja jubilanten til lukke og vona at mange unge frå Sunnhordlandsbygdene i framtida og vil finna vegen til laget!

Solveig og Arne Onarheim

Herøysundet

Hei alle saman, eg heiter Frode Knutsen, og eg byrja i laget i 1968 og var aktiv til 1972. Eg har heile tida lika meg og hatt det gøy saman med andre sunnhordingar.

Eg var formann i hyttestyret i ein periode, men kan dessverre ikkje skryta av nokre store forbetringar i denne tida.

Eg var tre år med i spellaget, og det var moro. Eg hugsar spesielt ein episode frå ein tur vi hadde til Vinnesvågen der vi synte fram spelstykke. Vi hadde ei kiste som vi hadde lånt, og denne hadde ein svært viktig rolle i stykket, men då eg skulle opna kista, viste det seg til min store forskrekkelse at ho var låst. Eg måtte gjera det beste ut av det og trampa i golvet og ropa «kven søren har låst kista mi», det vart vill panikk bak scenen, men til alt hell fann dei nykjelen, og alt gjekk etter planen videre. Etter framsyninga fekk vi høyra at dette hadde vore det artigaste av alt.

I 1970 byrja det eit nytt medlem i laget, ho heitte Aslaug Lervik, men på hausten 1971 bytta ho etternavn til Knutsen. Ho var og med i spellaget ein sesong, det var det året vi hadde den artige turen til Vinnesvågen.

I dag er vi busett i Herøysundet kor vi har bygd oss hus. Vi har to born, ei dotter fødd i 1972 og ein son fødd i 1974.

Helsing
Aslaug og Frode

Stavanger

Me minnest med glede åra i Bergen og i «Sunnhordlendingen» der me møtte mange gode vener. Særleg triveleg var det på Sunnabu.

Me har nå budd i Stavanger sidan 1974. I fjor fekk me ei jente som heiter Angjerd.

Helsing
Marit, Olav
(Håland/Kvernenes)





Frode Knutsen, Aslaug Knutsen.



Olav, Angjerd, Marit Kvernenes *Foto: OKF.*



Sol og sommar ved sjøen på Stord i Sunnhordland. Gamle ferja «Folgefonn» i rute frå Leirvik til ei anna Sunnhordlandsbygd. Frå HSD sitt biletarkiv.

Stord

Den 20. februar 1977 tok fam. Tronshaug pøet med seg og reiste frå bydn. Familien inneheld: far Kåre, mor Solveig, Birte 4 år og Martin fødd 16/12-78 her på Stord.

Me likte oss godt i Bergen og budde svært bra, men då han far fekk seg arbeid på Leirvik på Stord, som det året var ein velstandskommune, var freistnaden så stor at me slo til.

Nytt husvære venta oss, og hyggelige naboer tok vel imot oss.

Så fekk mor seg arbeid ved Fylkessjukehuset og Birte i barnehagen, noko begge hadde godt av. Men så meldte ein ny arving seg og familien ville ha større plass. Så no bur me i Kårevik i ein liten «Villa» med stor hage og utsikt over sjøen, og kan ikkje få det betre. Då ongane enno er små, vert det ikkje noko særs tid til fritidssysler, så me held oss helst



Solveig og Birte 17. mai på Stord. Foto: Kåre Tronshaug.

heime. Einaste trim og symjing tek me oss tid til, ein må jo halda på formen.

Ja, som det går fram av desse linjer er me «Sunnhordar» vel fornøgde med attendekoma.

Kåre, Solveig, Birte og Martin

Omvikedalen — Dimmelsvik

La meg ta namnet mitt først, det er Oddvard Haugsbakk. Eg er opprinneleg frå Austevoll og har hatt heimen min i Vestre Vinnesvåg, til eg på eit «nattgilde» hjå Olaguten vart råka av visse piler som seinare førte meg til Dimmelsvik der eg no har heimen min. Eg er derfor ein av dei som ikkje for i garna på «Sunnabu».

Ho som lurte meg hjå Olaguten bar gjentenamnet Kari Fedt, men frå 30/12-72 har ho signert alle papirer med Haugsbakk i tillegg.

I 1973 auka familien med ei gjenta som blei kalla Merete — og året etter (1974) ein gut som fekk namnet Yngve. I 1974 då familien var stor nok, flytta me til Dimmelsvik.

Eg kom med i laget i 1968 (69) og var frå då aktivt med i spellaget til 1973. Kari var med i laget frå 1971—73. Eg sluttar av med ein liten historie frå ei reise med spellaget.

Vi hadde vore i Tørvikbygd med eit spelstykke, og kom trøyt og svoltne til Sunnabu. No skulle det retleg smaka med litt tomatsuppa. Nokon av lemene var særdeles trøyte so dei la seg nedpå eit bel, men då det drygde med å få suppa kokt var det mange som sovna. Då suppa var kokt vart ein av karane (liten og rund med raudt hår) send på lofte for å vekkja ei gjente som var sovna — men guten kom ikkje att og ein «agent» vart sendt ut for å røkja etter om noko hadde hendt — og då «agenten» kom att kunne han fortelja at guten hadde sovna på sida av gjenta — og der fekk han liggja, for då vart det meir suppa på oss. Lukka til med 60 årsjubileet.





Kari (Fedt) Haugsbakk, Oddvar Haugsbakk.

Helsing
Kari Fedt Haugsbakk
Oddvar Haugsbakk

(Kari er forkvinne i Omvikdalen Ungdomslag, så det høvde godt at me hadde premiere på «DA STÅR TE LIV» der, beste helsing Olaguten, som ikkje har dårleg samvit for hverken det eine eller andre).

Håvikvåg — Bømlo

Bjørg (Tronshaug) og Ole Johan Nøstbakken kan de sjå i brudefylgjet på omslaget til dette skriftet. Dei var ikkje brurfolk der, (ho er fanevakt og ham er bruresvein), men dei lika seg så godt saman i dette bryllaupet at dei skipa til eit sunnhordlandsbryllaup sjølve same året — (eller tek eg feil med omsyn til årstalet?). Dei er i allefall godt gifte no, og har reist heim att til Bømla-øyno for mange år sidan. Siste rykte går ut på at dei har bygd seg hus i heimbygda hans — i Håvikvåg. Han er lektor på Bremnes, ho steller heime. Dei har hatt det så annsamt at dei ikkje har hatt tid til å skrive til oss, så me veit ikkje kor mange born dei har.

Det er vel kanskje slik som i gamle dagar då Ole Johan og underskrivne var klassekameratar på gymnaset på Bryne: «Kvar gong eg er heime, tel eg kor mange syskjen eg har no», sa Ole Johan den gongen. Me får ta turen ned til Håvikvåg og helsa på dei, og telja. Men før me kjem til dykk, må de kome til jubileumsfesten vår i Bergen.

Beste helsing

Olaguten



Gunnbjørg (Gundersen) og Agnar Bruntveit.

Helsing frå Haugesund

Vi flytta frå Bergen til Haugesund sommaren 1974. Vi har 2 barn, Jarle og Lise Berit. Vi bor i Rogalandsgt. 77. Gamle kjenningar som er på desse kanter, er velkomne innom til ein kopp kaffi.

Håper at vi kan koma på festen i mars, men dette er ennå litt uklart.

Beste hilsen
Gunnbjørg og Agnar Bruntveit

Bygdelagsarbeid i Bergen

av Hjalmar Tvedt

Bygdelagi i Bergen vart skipa i åri 1914—1921. I denne tidsbolken vart det skipa lag frå Rogaland til Møre, Hardanger og Voss. Grunnen var vel at verdskrigen var over, og handelssambandet over Nordsjøen kom i gang, og behovet for fiskeprodukt og anna var stort i Europa. I tillegg kom at Bergen nett hadde hatt ein storbrann, som la store deler av byen i oska, og dette førde igjen til at byen hadde stor trong for arbeidskraft. Bygdene derimot hadde lite arbeid å by på, og når vi veit at familiane var store og økonomien skral, måtte utkoma hentas utanfrå.

Ein kan lett tenkje seg at situasjonen var vanskeleg for mange. Byen hadde store vanskar med å skaffa sine eigne huslause tak over hove, for innflyttarane var det som oftast å stilla bakerst i køen. Arbeidsdagen var både tung og lang, og med kummerlege bustadsforhold, var savnet om ein stad å gå, og for å treffa sambygdingar stort. Dette var det nokre framsynte kvinner og menn såg, og tok opp tanken om å skipa bygdelag.

Frå før hadde byen 3 store lag, Vestmannalaget og dei 2 Bondeungdomslagi, Ervingen og Bondeungdomslaget. Desse lagi hadde vore i arbeid gjennom mange år, og hadde store oppgåver på sitt program, mens det var reint lokale bygdemiljøet bygdelagi blei tufta på. Lagi fekk navnet frå dei bygder dei skulle dekkja, soleis fekk vi Sunnhordlendingen, Nordhordlendingen, Hardinglaget, Vossalaget og so vidare, kvart distrikt sitt lag. Største oppgåva for lagi var å samla bygdefolk i heimsleg miljø. Her kunne dei treffa kjende, her kunne dei nytta sitt eige målføre utan diskriminerande merknader. Her var det sed og skikk dei kjende fra før, og her kunne dei utfolda seg i eige miljø. Difor var oppslutnaden om lagi stor, og ikkje berre av unge, men også dei eldre har alltid kjend seg heime her, og det har vore til stor vinning for lagsarbeidet. Heilt frå byrjan av tok dei fleste lagi opp den sernorske arven i sine føremål. Soleis kan det heita at laget skal arbeida for norsk kultur i mål og minne, i sed og skikk, — det er gjeve mål å setje seg. Programmønsteret vart stort sett som det ungdomslagi på bygdene hadde, talarar, kåseri, folkedans og amatørteater for å nemna noko. Interessa var stor, fleire kjende navn innan teater og folkemusikk byrja akkurat her. Husspørsmålet var vanskeleg i den fyrste tida, nokre lag greidde å skaffa seg leigeavtale på lenger sikt, andre gjekk på legd frå møte til møte. Styremøte, lesing av spelstykkje o.l. gjekk føre seg på hyblar rundt ikring. Men trass i vanskelege vilkår, var resultatet svært godt. Etter at det fyrste tiåret var gått, kom vi opp i dei harde trettiåra, som denne tidsbolken vart kalla, og det fekk også bygdelagi merka. Det vart etterkvart svært vanskelig å skaffa seg arbeid, og dei som hadde høve og ikkje for lang vei, drog gjerne heim i helgane, og dermed vart tilslutnaden til lag og lagsarbeide liten. Nokre lag la også

FØREBUINGAR TIL 60-ÅRS JUBILEET









Øvst til venstre: Hovudnemnda for 60-årsjubileet, frå v.: Willy Mjånes, formann, Carsten Helgesen, Margot Våge, Jimmy Næs, Kjell Matre.

Øvst til høgre: For å få pengar i kassa til jubileet, vart det skipa til eit jubileumslotteri. Her er vinst nr. 2: Åkle frå Sunnhordland, vove av Torill Gjertsen, vinst nr. 3: rosemåla fat, måla av Anders Kåre Engevik. Dei 3 fyrste vinstane vart vunne av Margaret Hals (målarstykke), Tore Steine (åkle), Asbjørn Våge (rosemåla fat).

Nederst til venstre: Olaguten og sonen Kristian har frimerke på 250 tiggarbrev til festskriftet. Her er det utsending av brev etter formel 13,2: x bur i Bergen og (x har yrke A) v (x har yrke B) og x har sunnhordlands-etternamn. Svarprosenten på dette tiltaket vil me ikkje røpa, salsteknikk sel me ikkje.

Nederst til høgre: Me søkte samtlege verksemder i Sunnhordland — 1352 i alt — om stønad til prenting av festskriftet. Her har frå v: Mathilde Torkelsen, Kristi Skår og Bente Mikalsen gjort desse 1352 breva klar til utsending.

ned arbeidet for nokre år, men kom i arbeid seinare, men dei fleste helt det gåande. Dårleg økonomi har fylgt bygdelagi gjennom alle år. 2—3 dansetilskipingar gjennom vinterhalvåret, lagsskatt og inngangspengar var det ein hadde som innkomar, difor kunne ingen satsa på noko som kunne føre til tap. Bondeungdomslagi derimot, hadde skaffa seg forretningsverksemder, og dei hadde og tilknytning til fylket og landslag, og kunne med desse store resursane å ausa ut av, driva eit stort og vidtfemnande lagsarbeid.

Dei som hadde utdanning og sat i sitt arbeid med tilgang til telefon, og hadde høve til å fylgje med i det som var aktuelt til ein kvar tid, traff du sjeldan i bygdelagi. Bygdelagi arbeidde difor svært isolert, og dei som sto i brodden for lagsarbeidet i denne tidi må ein ha lov å kalla ildsjeler. Fleire lag hadde skaffa seg utferdsstader, «hytte», som ikkje låg så langt ifrå byen. Her var det høve til helgeturar og ellers, såframt fritida strakk til, også i veka. Vedlikehald og forandringar vart alltid gjort med dugnad, handverkarar fantes det alltid i medlemsflokken.

I slutten av 30 åra vart det gjort opptak til å skipa Fylkeslag i Bergen, men lagi vart ikkje samde, og resultatet vart at det vart vald ei nemnd som skulle arbeida vidare med tanken, og samstundes skulle den ta opp tiltak som alle lag kunne ta del i. Nemndi fekk namnet Bygdelagsnemndi i Bergen.

Dette sette meir fart i lagsarbeidet, og lag som hadde lagt nede kom i arbeide att. Då krigen kom vart alt lagsarbeid lagt ned, og dei dåværande myndigheter beslagla alt som lagi eigde. Men dei fleste lag hadde ymse samkomer, men under andre namn, slik at dei heldt kontakten med medlemene sine. Då krigen var slutt sto lagi ribba for alt. Ein del arkiv og bøker kom til rettes, men alle pengane var borte. Då var det til å byrja på nytt, og oppslutnaden om lagi dei fyrste åri var stor. Det kom til ein stor del bygdeungdom som gjekk på skular i byen, og dermed og nye innslag i program og underhaldning. Bygdelagsnemndi var meir og meir ein viktig del av lagsarbeidet. Det vart skipa til spellagstevlingar, Bygdelagsstemner og program til «Festspeli i Bergen». Nemndi fekk og igang kyrkjenemndi som skipa til nynorske gudstenester. Ellers kan nemnast at lagi fra Hordaland skipa sams songkor «Hordakoret», og dei hadde ei sams festsamkome årleg, som fekk namnet «Hordagildet». Lagi frå nore fylkje skipa sams songlag som ber namnet «Firda-Sygnakoret». Idrottslaget «Gular» er og skipa som eit sams tiltak av lagi, og dette laget har, som vi alle veit, hevda seg godt.



Hjalmar Tvedt var i 15 år Bygdelaga sin representant i 17. mai-komiteen i Bergen. Her står han på Torgalm. 17. mai 1969 saman med Kjell Matre og ventar på startskotet frå Skansen. Foto: Tore Wiig.

I dei seinare år har omskiftingane vore store, byen har utvida seg, og utferdstaden som før låg i landlege strok, har måtte vike plassen for byggjefelt og bygater. Men lagi har nytta pengane godt, hus har reist seg på nye stader, både på fjellet og ved sjøen. Romi er gjort høveleg for overnatting, og storstova kan nyttast til festsamkomer. At lagi gjester kvarandre på desse stader hender også ofte.

Tevlingar i langrennsløypa og på skytebanen er blitt tradisjon, og enkelte lag har henta heim mange seierskrus, som for det meste har avløyst pokalen.

Dei gamle tradisjonelle innslag i lagsprogrammet har endå stor plass, men ein vil sjå store endringar. Folkesongane våre vert skjeldnare nytta, og dei store folkevisene er skjeldan med på folkedanskveldene, derimot blomstrar gamaldansen som aldri før. Dei tradisjonelle bondekomediene er avleggs, istaden er der revyer og visesong, med eller utan hoftevrikk, som har inntatt plassen. Hardingfela (kattelåten kalt av byfolk i gamle dagar) er komen på norsktoppen, med tonefylgje av fotsid fela og tam, tam trommer, ja slik er «sjargongen». Dei store utjamningane millom by og land har gjort innflyttaren usynleg i bymiljøet. Strilenamnet er for det meste borte, klebunaden er lik, både for by og land og for menn og kvinner. Strykeskjorta, slipset og boksepressen er skifta ut med striskjorte og ålebrok. Kammen og barberhøvelen vert truleg å finna i muse' og samlingar.

Men trass i alle omskiftingar har bygdelag framleis ei stor møteverksemd, festsamkomer og utferder, framleis samlar dei mange medlemer og andre til sine program.

Når eg her har tatt eit grovt oversyn over bygdelagi i Bergen sitt arbeid, so veit vi at skulle det skrivast ei samla soge, ville det verta ei stor bok. At eldre og unge kan gå saman om sams oppgåver, er den beste styrkje lagi har hatt. Røynsle og livsmot gjev den beste gleda.

I år rundar Sunnhordlendingen 60 år — me ynskjer til lukka med dagen og ei god framtid.

Beste helsing
Hjalmar og Margrete



Hjalmar Tvedt.

Hjalmar Tvedt er fødd i Stordalen i Etne i 1914, foreldra flytta til Valevåg, der han vaks opp. Kom til Bergen 1936, har vore svært aktivt med i lagsarbeid. Han har såleis vore formann i Nordhordlendingen, (der kona høyrde heime). I 2 periodar har han vore formann i Bygdelagsnemndi i Bergen. Han har også hatt tid til å vere med i Sunnhordlendingen, har vore leiar for leikarringen vår, skriv viser til spellaget, (det er han som er forfattar til *Strattane*) er med i gubbelaget m.m.

O. K. F.